



**Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane**

Møteinnkalling

Utvalg: Verneområdestyret for SVR
Møtested: Åseral
Dato: 07.02.2019
Tidspunkt: 11:00

Eventuelt forfall må meldes snarest på tlf. 95207083. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.



Foto: Jon Erling Skåtan

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Sidenr.
ST 1/19	Godkjenning av innkalling og saksliste	4
ST 2/19	Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar	4 4
ST 3/19	Orienteringer	
RS 1/19	Referatsaker	4
RS 2/19	Tillatelse til transport med snøskuter til støl ved Rossåsen gnr/bnr: 27/1 i Ljosådalen naturreservat, Valle kommune	
RS 3/19	Tillatelse angående dispensasjon til bruk av snøskuter for leting etter sau i Åseralsheiane i SVR LVO, Kåre Skretting og Asle Ljosland	
RS 4/19	Innvilga søknad om dispensasjon om flaumførebygging, vedlikehaldsarbeid og motorferdsel på turstien til Røssdalsvatnet i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 68/1, Forsand kommune	
RS 5/19	Innvilga søknad om utviding av tal på snøskuterar i dispensasjon til kjentmannsturar i Lusaheia landskapsvernområde	
RS 6/19	Tillatelse til kjøring med snøskuter i forbindelse med rivning og bygging av hytter ved Dalan (ST 11/17) gnr/bnr 2/7 i Åseral kommune i SVR LVO	
RS 7/19	Tillatelse til transport med snøskuter i forbindelse med skolearrangement til Lakkenstova i Åseral kommune (gnr/bnr 7/14- 7/13).	
RS 8/19	Innvilga søknad om dispensasjon til snøskutertransport til Brålandsstølen i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 59/5-9, Gjesdal kommune	
RS 9/19	Avslag på søknad om dispensasjon til motorferdesel i samband med utlegging og drift av jerveåter i Dyraheio landskapsvernområde, Suldal kommune	
RS 10/19	Tillatelse til transport med helikopter i forbindelse med privat leteaksjon i Kvinesdal, Åseral og Hægebostad kommune- Leif Hunsbedt	
RS 11/19	Innvilga søknad om bruk av snøscooter i samband med saueleiting. Brå beite- og sankelagforening. Breland og Ljosland i Åseral	

	kommune.	
RS 12/19	Innvilga søknad om dispensasjon til motorferdsel til Blåfjellenden i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 62/1, Gjesdal kommune, Blåfjellenden beitelag	
RS 13/19	Innvilga søknad om dispensasjon til bygging av utedo ved Jensafet i Kvanndalen landskapsvernområde, gnr/bnr, 68/1, Suldal kommune	
ST 4/19	Søknad om preparering av skiløype til Sloaros i Bykle kommune. Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane landskapsvernområde.	5
ST 5/19	Svar på søknad om endring på vedtak jf. ST 38/17; endring av størrelse av jakthytte øst for Svartevassmagasinet i Sirdal Kommune, gnr/bnr; 2/4, Sirdal Bygg for Ståle Kyllingstad	17
ST 6/19	Søknad om bygging av driftshusvære ved Ormsavatn. 6/14, Jo Breivegen. Bykle kommune	28
ST 7/19	Søknad om turrenn på ski rundt Skoræ i Åseral kommune- SVR LVO	41
ST 8/19	Klage på avslag på søknad om dispensasjon til motorferdesel i samband med utlegging og drift av jerveåter i Dyraheio landskapsvernområde, Suldal kommune - Arve Aarhus	48
ST 9/19	Eventuelt	61

ST 1/19 Godkjenning av innkalling og saksliste

ST 2/19 Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar

ST 3/19 Orienteringer

RS 1/19 Referatsaker

RS 2/19 Tillatelse til transport med snøskuter til støl ved Rossåsen gnr/bnr: 27/1 i Ljosådalen naturreservat, Valle kommune

RS 3/19 Tillatelse angående dispensasjon til bruk av snøskuter for leting etter sau i Åseralsheiane i SVR LVO, Kåre Skretting og Asle Ljosland

RS 4/19 Innvilga søknad om dispensasjon om flaumførebygging, vedlikehaldsarbeid og motorferdsel på turstien til Røssdalsvatnet i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 68/1, Forsand kommune

RS 5/19 Innvilga søknad om utviding av tal på snøskuterar i dispensasjon til kjentmannsturar i Lusaheia landskapsvernområde

RS 6/19 Tillatelse til kjøring med snøskuter i forbindelse med rivning og bygging av hytter ved Dalan (ST 11/17) gnr/bnr 2/7 i Åseral kommune i SVR LVO

RS 7/19 Tillatelse til transport med snøskuter i forbindelse med skolearrangement til Lakkenstova i Åseral kommune (gnr/bnr 7/14-7/13).

RS 8/19 Innvilga søknad om dispensasjon til snøskutertransport til

Brålandsstølen i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 59/5-9, Gjesdal kommune

RS 9/19 Avslag på søknad om dispensasjon til motorferdesel i samband med utlegging og drift av jerveåter i Dyraheio landskapsvernområde, Suldal kommune

RS 10/19 Tillatelse til transport med helikopter i forbindelse med privat leteaksjon i Kvinesdal, Åseral og Hægebostad kommune- Leif Hunsbedt

RS 11/19 Innvilga søknad om bruk av snøscooter i samband med saueleiting. Brå beite- og sankelagforening. Breland og Ljosland i Åseral kommune.

RS 12/19 Innvilga søknad om dispensasjon til motorferdsel til Blåfjellenden i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 62/1, Gjesdal kommune, Blåfjellenden beitelag

RS 13/19 Innvilga søknad om dispensasjon til bygging av utedo ved Jensafet i Kvanndalen landskapsvernområde, gnr/bnr, 68/1, Suldal kommune

Arkivsaksnr: 2018/1426-0

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 07.01.2019

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	4/19	07.02.2019

Søknad om preparering av skiløype til Sloaros i Bykle kommune. Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane landskapsvernområde.

Vedlegg

- 1 Søknad om løyve til maskinpreparering av vinter skiløype
- 2 Logg Sloaros løypa vintaren 2018

Forvalters innstilling

Med heimel i *Forskrift om vern av Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane landskapsvernområde* kap. 5.5 vert Bykle kommune gjeve løyve til å maskinpreparere skiløypa frå Storenos 1 til Sloaros. Løyvet vert gjeven med følgjande vilkår:

- Preparering skal avgrensast til perioden fredag før palmehelga til 2. påskedag der denne ikkje er seinare enn 24. april.
- Om det under oppkøyring er villrein i eller nær traseen, skal løypekøyraren straks vende og køyre tilbake i dei oppkøyrde spora med berre belte og ikkje sporsetjaren nede i snøen. I slike tilfelle skal tiltakshavar konsultere forvaltningsstyresmakta før løypa eventuelt blir køyrd opp att. Forvaltningsstyresmakta kan trekke tilbake løyve gitt etter første ledd dersom det er naudsynt av omsyn til villreinen. I forståing av kva som er villrein «*i eller nær traseen*» skal det som hovudregel leggest til grunn om ein ser villrein i ei sone på 500 m. på kvar side av traseen.
- Kommunen må ha ein tett dialog med lokalt SNO slik at ein så langt som råd har ein god oversikt over kva område det er villrein.

Løyvet gjeld for tre år, dvs. til og med 2021. Innan 1. juni kvart år skal det sendast inn ein kort rapport om røynsla frå preparering.

Med heimel i verneforskrifta kap. 5.1.a vert det gjeven avslag på preparering av traseen utover perioden i påsken.

Som grunngeving for avgjerda legg verneområdestyret vekt på at det ikkje er tilrådeleg å styre og kanalisere ferdsel inn i viktige vinterbeiteområde for villrein. Villreinens områdebruk er godt dokumentert gjennom GPS-merkeprosjektet og røynsla frå maskinpreparering i 2018. Maskinpreparering i påska tillatast da det gjeld eit kort tidsrom og ei tid på året der maskinpreparering kan ha ein viss kanalisierende effekt. Det synast også å vera ein tendens til at dyra i nokon grad trekk ut i andre område seint i sesongen.

Saksopplysninger

Bykle kommune har søkt om løyve til maskinpreparering av traseen frå Nos ved Storenos 1 til Sloaros. Sjå vedlegg 1. Det vert søkt om preparering frå fredag før vinterferien til 2. påskedag om denne ikkje er seinare enn 24 april. Med unntak av vinterferien og i påskeferien skal løypa bare preparerast fredag til søndag.

Bykle kommune legg gjeldande kommunedelplan for ski- og turløyper til grunn for søknaden. Denne vart godkjend i 2008.

Arbeidsutvalet ga løyve til tilsvarande søknad i 2018. Sjå vedtak nedanfor.

«Med heimel i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane landskapsvernområde kap. 5.5 vert Bykle kommune gjeve løyve til å maskinpreparere skiløypa frå Storenos 1 til Sloaros i tråd med gjeldande kommunedelplan.

Løyvet vert gjeven med følgjande vilkår:

- 1. Løypa kan preparerast frå og med fredag 9.2.2018 til og med 2.4. 2018. Med unntak av i vinterferien og i påska skal løypa berre preparerast frå og med fredag til og med søndag.*
- 2. Dersom det under oppkøyring er villrein i eller nær traseen, skal løypekøyraren straks vende og køyre tilbake i dei oppkøyrde spora, med berre belte og ikkje sporsetjaren nede i snøen. I slike tilfelle skal tiltakshavar konsultere forvaltningsstyresmakta før løypa eventuelt blir køyrd opp att eller fullført. Forvaltningsstyresmakta kan trekke tilbake løyve gitt etter første ledd dersom det er naudsynt av omsyn til villreinen.*

I forståing av kva som er villrein «i eller nær traseen» jfr. prikkpunkt 2 ovanfor skal det som hovudregel leggst til grunn om ein ser villrein i ei sone på 300 m. på kvar side av traseen.

For å ha oversyn over ferdsla i område må kommunen syte for plassering av ferdselsteljarar langs løypa til Sloaros. Alternativ gjere manuelle teljingar på utvalde dagar avklara med forvaltningsmyndigheita.

Kommunen må ha ein tett dialog med lokalt SNO slik at ein så langt som råd har ein god oversikt over kva område det er villrein.

Innan 1. juni 2018 må det sendast inn eit notat med røynsla frå maskinpreparering»

I saka frå 2018 vart det etterlyst at maskinprepareringa fekk ei avklaring gjennom pågåande planarbeid for stiar- og turløyper i Bykle. Vidare at kunnskap frå prosjektet adaptiv løypeforvaltning kunne gi nyttig kunnskap. På bakgrunn av vurderingane som låg til grunn for forskriftsendringane valde ein likevel å gi eit avgrensa løyva for ein sesong.

Løyvet til preparering i 2018 vart klaga på av villreinnemnda. Klagen vart grunngeven med at maskinpreparering av traseen burde vore utsett til kommunen var ferdig med revidering av sti- og løypeplanen. Vidare at maskinprepareringa vil føre til auka ferdsel

og såleis ha negative konsekvensar for villrein i sårbare vinterbeiteområde. Maskinpreparering kan ha ein viss kanalisierende effekt men dette hjelp lite så lenge det skjer i «feil» område. Villreinnemnda var også oppteken av presedensverknad og at eit løyve til maskinpreparering inn mot Sloaros gjer det vanskeleg å sjå kva delar av villreinområdet det ikkje kan tillatast maskinpreparering.

I handsaming av klagen oppretthald Miljødirektoratet arbeidsutvalet sitt vedtak.

Sesongen 2018 var første gong traseen til Sloaros vart preparert sidan 2013. Dette som følgje av mellombels forbod og påfølgjande forskriftsendring.

Som det går fram av vedtaket referert ovanfor var det sett vilkår om at kommunen skulle sende inn notat om røyntsla frå prepareringa i 2018. Dette ligg som vedlegg 2 i saka. Kort fortalt vart ikkje løypa preparert før 23. mars (fredag før palmesundag). Delvis som følgje av vertilhøva og delvis som følgje av at det var villrein ved traseen.

Formell bakgrunn for vurdering av vedtaket

- Forskrift om vern av Setesdal-Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.4.2000 og med endring av 21.6.2017
- Naturmangfoldlova
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal-Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane. Godkjend i 2015
- Besøksstrategi for SVR, vedteken av styret 5.11.2018, ligg til godkjenning i Miljødirektoratet.
- Rundskriv om forvaltning av verneforskrift, rettleiar M106-2014. Miljødirektoratet 2014.

Heimelsgrunnlag

Føremålet med vernet er etter kap. III i verneforskrifta som følgjer:

1. *Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.*
2. *Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den særlegaste villreinstamma i Europa*

Av verneforskrifta kap. 5.1.a går det fram at motorisert ferdsel på land er forbode. Vidare går det fram av verneforskrifta kap. 5.5 første ledd og kap. 5.5 bokstav a at: *Forvaltningsstyresmakta kan, etter skriftleg søknad, gje løyve til bruk av motorkjøretøy for opparbeiding og preparering av skiløyper for allmenta og konkurransar, i følgjande trasear og løyper og i følgjande tidsrom eller i samband med følgjande arrangement:*

Frå Nos ved Storenos 1 til Sloaros i Bykle kommune frå fredag før vinterferien til 2. påskedag dersom denne ikkje er seinare enn 24. april. Med unntak av i vinterferien og i påska skal løypene berre køyrast opp fredag til søndag

I siste ledd i kap. 5.5 er det gjeve vilkår for slik preparering:

Oppkøyring som nemnt i første ledd skal normalt følgje særskilte trasear som er kartfesta i forvaltningsplanen. Dersom det under oppkøyring er villrein i eller nær traseen, skal løypekøyraren straks vende og køyre tilbake i dei oppkøyrde spora, med berre belte og ikkje sporsetjaren nede i snøen. I slike tilfelle skal tiltakshavar konsultere forvaltningsstyresmakta før løypa eventuelt blir køyrd opp att eller fullført. Forvaltningsstyresmakta kan trekke tilbake løyve gitt etter første ledd dersom det er naudsynt av omsyn til villreinen. Nærare retningslinjer kan fastsetjast i forvaltningsplanen.

I forskrifta er *fredag før vinterferien* nytta som tidspunkt for når løypa kan maskinpreparerast. Tidspunkt for vinterferie er ikkje definert i verneforskrifta men i prosessen med endring av verneforskrifta la ein til grunn at det gjaldt de to vekene som skulene i Aust-Agder og Vest-Agder har sin vinterferie. I år er dette veke 8 og 9.

Opninga for å gi løyve til maskinpreparering av aktuelle trase er ein såkalla spesifisert dispensasjonsbestemming som kom inn i samband med den nemnde forskriftsendringa. Jamfør rettleiar M106-2014 frå miljødirektoratet kap. 6 kan det i slike saker *vurderast* å gi løyve, men der ingen har *krav* på eit slikt løyve. Forvaltningsmyndigheita må gjera ei konkret vurdering om søknaden gir grunnlag for å gi dispensasjon.

Første del av traseen til Sloaros, dvs frå der den tar av frå traseen Storenos 1, går løypa i særskilt kalvingsone der det jamfør verneforskrifta kap. 4.2 er ferdselsforbod f.o.m 25. april t.o.m 31. mai. Andre påskedag er i 2019 22. april.

Både før og etter 2013 har turistforeininga kvista vinterløypa inn til Sloaros.

Gjennom 2017 og 2018 har verneområdestyret ved ulike høve vore borte i spørsmål knytt til maskinpreparering av Sloarosløypa. 8.2.2017 ga arbeidsutvalet uttale til oppstart av planarbeid for tur og skiløyper i Bykle. I uttalen vart det mellom anna synt til at røynsla ein har etter at løypa nokre år ikkje har vore maskinpreparert må nyttast inn i planarbeidet. 22.8.2018 ga verneområdestyret uttale til kommuneplan for Bykle (plan for tur- og skiløyper var nå innarbeida). Her etterlyste verneområdestyret mellom anna vurdering av verknaden av eksisterande løyper (mellom anna til Sloaros), og det vart sagt at resultatet av slike vurderingar vert førande for i kva grad planen kan leggest til grunn ved handsaming av maskinpreparering etter verneforskrift. Vidare signaliserte verneområdestyret at det ville vera aktuelt å avgrense prepareringa til påsken.

5.11.2018 vedtok verneområdestyret Besøksstrategi for SVR. I denne er maskinpreparering av løypa til Sloaros omtala på s. 38. Her vert det signalisert at det kan vera ei god løysing med preparering avgrensa til påsken. Vidare at det var ønskjeleg med ein nærmare dialog med Bykle kommune om prepareringsregime for traseen. Ein slik dialog var avtalt med Bykle kommune 6.12.2018 men møtet vart diverre utsett. Nytt møte er sett til 28.2.2019. Forvaltar legg til grunn at det er trong for handsaming av søknaden før dette.

Vurdering

Vurdering etter naturmangfoldlova §§ 8 – 12.


Etter § 7 i Naturmangfoldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit. Forvaltningsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

Kunnskapen om naturmangfaldet i området er henta frå lokalkunnskap, Miljødirektoratet sin naturbase (www.naturbase.no), samt frå NINA sitt pågåande GPS-merkeprosjekt. Ein har og nytta kartlegging gjennomført av Norsk Villreinsenter (NVS-rapport 6/210) og analysar gjort som ein del av prosjektet adaptiv løypeforvaltning. Når

det gjeld bruk av data frå GPS-merkeprosjektet skal ein på generelt grunnlag ha ein medviten haldning til dette. Registreringane er gjort over eit kort tidsrom i villreinsamanheng og med dagens stammestorleik. Det er i all hovudsak simler som er merka, og der ein veit at bukkar er noko meir tålsame for forstyrring og i større grad nyttar randområda.

Villreinens bruk av område


Områda nord-vest for Hovden er særleg viktige som vinterbeite for villrein. Dette godt dokumentert gjennom GPS-merkeprosjektet. Dette stemmer også med kva område ein finn relativt godt med lavbeite. Kartet under syner GPS-posisjonar for merka dyr i perioden 2006 – 2018 men avgrensa til perioden februar – april. Traseen er merka blå i kartet. Kvart blått punkt er posisjon for eitt dyr, slike posisjonar vert sendt kvar tredje time. Sidan dei ofte ferdast i flokk vil som regel ein posisjon representere fleire/mange dyr.



Ut frå attendemelding frå SNO synast det å vera ein tendens at dyra trekk til område mot sør og vest mot slutten av vintersesongen. Data frå dei GPS-merka dyra syner og ein tendens i den retning, men ikkje før ein kjem godt ut i april månad. I mai månad er det ikkje GPS-registreringar av dyr i nærleiken av traseen.

Kartet under er frå ein analyse gjort gjennom prosjektet adaptiv løypeforvaltning. Her har ein forsøkt å sjå om det er forskjell i korleis dyra har nytta områda langs traseen i den perioden den ikkje har vore maskinpreparert. I perioden 2008 – 2013 (6 år), då løypa vart preparert, vart det registrert 201 GPS punkt i ei buffersone på 1. km frå traseen. I perioden 2014 – 2016 (3 år), då løypa ikkje vart preparert, vart det registrert 236 punkt. Ut frå dette kan det sjå ut til dyra i større grad nyttar nærområda til traseen når denne ikkje vert preparert. 35 fleire punkt vart registrert i siste periode som altså bare var 3 år og som det da var færre sendarar i drift. Når det er sagt så skal ein vera

særs varsam med å trekke sikre slutningar ut av dette. Mellom anna kan villreinens bruk av område frå år til år variere ut frå ver og vindtilhøve. Eventuell nedising av beite vil å føre til at dyra må nytte andre område. Slike naturlege variasjonar vert ikkje fanga opp av analysen.



Ferdelsdata

Som det går fram av vilkåret for løyvet gjeven i 2018 var det krav om plassering av ferdjelsteljar for å få eit bilete av mengde ferdsel inn til Sloaros. Teljar vart sett opp men av tekniske årsaker ser det diverre ut til at den ikkje har registrert passeringar slik den skulle. Eit anslag frå Bykle kommune tilseier 500 – 600 passeringar i løpet av dei dagane løypa var ope i påsken. Delt på dagar løypa vart halden open gir det om lag 55 passeringar pr. dag.

Besøktal for Sloaros turisthytte gir og ein peikepinn på ferdsla i området. Frå DNT sør har ein fått oversyn over dette slik det går fram av tabellen under.

		Januar	Febr	Mars	April	Sum dagsbesøk	Sum overnatting
2008		281					281
2009		344					344
2010		21	40	178	103		342
2011		24	20	110	94		248
2012		7	34	127	164		332
2013		27	58	138	92		315
2014		35	2	54	78		169
2015		9	26	85	53		173
2016		7	31	175	48		261
2017		21	31	48	109		209
2017	Dagsbesøk			30		30	
2018		34	27	105	63		229
2018	Dagsbesøk	1	1	125	13	140	

Som ein ser av tabellen er dagsbesøk bare er registrert i 2017 og 2018. Det synast å vera ein nedgong i tal besøkande på Sloaros dei åra løypa inn frå Hovden ikkje har vore maskinspreparert (frå og med 2014).

Brukarundersøking

I samband med prosjektet adaptiv løypeforvaltning vart det gjennomført ei web-basert brukarundersøking om løypetilbodet på Hovden. Undersøkinga vart sendt hyttefolk og innbyggjarar. Responen var god med totalt 985 personar som svara. Eit av hovudfunna i undersøking var at fleirtalet i utgangspunktet er nøgd med dagens løypenett. Eit varierte løypetilbod og gjerne høg fjellsløyper innover i terrenget var kvalitetar som vart lagt vekt på. Eit poeng her at undersøkinga vart gjennomført etter ein periode da det var fleire år sidan traseen til Sloaros var preparert (2013).

Rapport frå prepareringa i 2018 (vedlegg 2)

Rapporten frå 2018 illustrerer godt nokre av dei praktiske utfordringane med preparering av løypa til Sloaros. Formelt sett kunne preparering starte opp 9. februar. I to tilfelle vart preparering avbroten som følgje av observasjon av dyr og/eller spor ved traseen. I andre tilfelle satt veret ein stoppar. Dette illustrerer fleire vesentlege tilhøve: Ordninga med å opne/stenge traseen om det vert observert dyr fungerte. Her spela løypekjøyrarane og SNO ein viktig rolle. Traseen går i eit område der veret ofte vil sette ein stoppar for preparering. Med «fare» for at traseen ikkje kan preparerast av omsyn til dyr og/eller vertilhøve verkar traseen i første rekke vera ein «bonustrase» som brukarane vanskeleg kan rekne med som ein del av det daglege tilbodet.

Det er ikkje registrert hekkelokaliteter for rovfugl som er i konflikt med aktuelle trase. Ein vurderar kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg til å fatte vedtak i saka. «Føre var prinsippet» ref. § 9 i naturmangfoldlova vert likevel tillagt vekt vidare i saka.

Økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10 i NML).

Maskinpreparering og den menneskelege aktiviteten som følgjer med bruk av løypene kan føre til at villreinen viker unna områda i samband med beite, trekk og kalving. På sikt kan det føre til ytterligere fragmentering av leveområda, auke energibruk ved unnvikning av område og redusert tilgang på beite. Vintersesongen er ein særleg sårbar periode. Det må og leggst vekt på at villreinen allereie er pressa frå fleire hold som følgje av infrastruktur knytt til kraftutbygging, ferdsel og utbygging av hytteområde,

vegar mv. Nye forskingsresultat frå NINA (Panzacchi et. al 2016) viser at barriereeffekten av ulike tekniske inngrep og formar for forstyrring er kumulativ (samverkande). I eit ope landskap utan tekniske inngrep vil ein på ein turiststi med over 30 passeringar i døgnet kunne registrere barriereeffekt. Kjem ein over 200 passeringar på ein tursti utgjør denne ei fullstendig barriere (Strand mfl. 2010 og 2015).

Løypa til Sloaros vart maskinpreparert t.o.m våren 2013. Både før og etter 2013 har turistforeninga kvista vinterløypa inn til Sloaros turisthytte. Besøkstala på Sloaros turisthytte tyder på at tal besøkande er monaleg redusert når ein ikkje lenger maskinpreparerer traseen.

I vurdering av samla belastning må det og takast med at løypene Storenos 1 og 2 vert maskinpreparert i dag. I tillegg har ein mykje menneskeleg aktivitet og ferdsel kring toppunktet på skiheisane i området. Det må også forventas ei generell auke i ferdsla i takt med vidare hytteutbygging på Hovden.

Eit argument som har vore nytta for å tillate maskinpreparering inn mot Sloaros gjennom større delar av sesongen er at ein får kanalisert ferdsla i ei ferdselsåre framfor at den vert spreidd utover. Forvaltar er tvilande til ei slik argumentasjon. Midtvinters i eit verhardt og kupert område og med mykje laus snø er det tvilsamt om særleg mange legg skituren til dette området om løypa ikkje vert maskinpreparert utover kvisting av traseen til Sloaros. Utpå vårparten og nærmare påske kan ein slik argumentasjon ha noko føre seg. På denne tida er dagane lengre og føret gjerne fastare og der mange kan bli «freista» til å gå utanom løypenettet.

Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar (§ 11 i NML) og Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 12 i NML)

I dei tilfella det vert gjeven løyve til tiltaket er søkar ansvarleg for at maskinprepareringa vert gjennomført på ei miljømessig god måte.

I verneforskrifta er det gjort ei monaleg avgrensing i kva periodar det kan opnast for maskinpreparering. Vidare er det sett vilkår om mellombels avslutte prepareringa om det vert observert villrein i eller nær traseen. Kommunen har opplyst om at publikum vil bli informert om «prepareringsregimet» ved skilting samt på heimesida www.hovden.com. Kommunen legg opp til at avgjerse om mellombels stopp av prepareringa vil bli lagt til maskinførar. Vidare vil første oppkøyring bare vera å belte traseen, dvs utan å sette skispor. Ein vil då kunne sjå om det er villrein nær traseen. For løyvet i 2018 vart det sett ei grense på 300 m. for kva som var villrein «nær traseen». Røynsla frå maskinprepareringa i 2018 og tidlegare år er at om det vert observert dyr i området vert preparering avbroten. Dette uavhengig av nøyaktig avstand frå traseen. Ut frå dette verkar 500 m. å være meir i tråd med praktiseringa.

Oppsummering

Verneområdestyret har ved fleire høve etterlyst at kommunen i samband med sti- og løypeplanarbeidet gjorde ei grundig vurdering av effekten av maskinpreparering av traseen inn til Sloaros, og før det vart vidareført i ny kommuneplan. Det er og spela inn forslag om å avgrense prepareringa til påsken. Ingenting av dette er svara ut i søknaden som ligg føre.

Som omtala i saka går traseen inn til Sloaros i heilt sentrale vinterbeiteområder for villrein. Ved opning for maskinpreparering i området er det nærast uråd å forsvare ein restriktiv haldning til maskinpreparering andre stader.

Det synast å vera ei ålmenn oppfatning at løypetilbodet på Hovden er godt. Med utfordringa ver og dyr i området gir vil traseen vanskeleg kunne inngå i det jamne løypetilbodet.

Ein kan vanskeleg sjå at maskinpreparering av traseen til Sloaros mellom vinterferie og påske har ein kanalisierende effekt. Ved preparering vil ein såleis styre ferdsla til område det elles ville vore lite aktivitet. Til ein viss grad kan maskinpreparering ha ein kanalisierende effekt seint i sesongen.

Konklusjon

Løyve til maskinpreparering bør avgrensast til påsken. Som grunngeving legg forvaltar vekt på at ein opererer i heilt sentrale vinterbeiteområde og i ei sårbar tid på året. Røynsla frå preparering i 2018 er at rutinar for opning/stenging fungerer godt men også at dette er område der står mykje dyr gjennom vinteren. Når i tillegg vertilhøva ofte legg ei avgrensing er det vanskeleg å sjå at traseen kan ha ein viktig funksjon i det ålmenne løypetilbodet.

Kopi:
Bykle kommune
Villreinnemnda for Setesdalsområdet
Fylkesmannen i Agder



Verneområdestyret for Setesdal
Vesthei, Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Vår ref.:
2018/83-3

Sakshandsamar:
Jostein Rysstad
jostein.rystad@bykle.kommune.no

Dato
22.10.2018

SØKNAD OM LØYVE TIL MASKINPREPARERING AV VINTER SKILØYPE

Bykle kommune søker med dette om løyve til maskinpreparering av vinter-skiløypa frå Nos ved Storenos 1 til Sloaros sesongen 2019. (iht pkt 5.5 i kapittel IV Vernereglar)

Kommunedelplan for ski- og turløyper vart vedteken 26. juni 2008. Den aktuelle løypa går frem av kart som er vedlegg til kommunedelplan, og som følgjer som vedlegg til dette brevet.

Som vist på kartet ligg den blå stipla løypa til Sloaros innafor verneområdet. Løypa vil bli preparera med løypemaskin frå fredag før vinterferien til 2. påskedag dersom denne ikkje er seinare enn 24.april. Med unntak av i vinterferien og i påskeferien vil løypa bare bli køyrt opp fredag til søndag.


Etter godt samarbeid mellom SVR, SNO, Bykle kommune og løypekøyrarane, vart Slaros løypa fyrst opna til påska 2018, ref tidlegare tilsendt logg.

Det søkjast med dette om løyve til maskin preparering av løypa med nemninga Sloaros i samsvar med godkjent kommunedelplan og iht forskrift om endring av forskrift 28.april 2000 nr 409.

Med helsing
Bykle kommune


Jostein Rysstad
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og sendast utan underskrift.



GODKJENT 26.06.08 SAK NR 26/08
 BYKLE KOMMUNE
 Anne Ellen Gæster

Kart nr 1 av 2


 Bykle kommune
**Kommunedelplan
 for løyper**

Vinterløyper

Existerende	Planlagde	
		Preparert skiløype
		Preparert skiløype som kan stengast av Statens naturoppsyn av omsyn til villreinen
		Preparert skiløype som skal stengast 25. april av omsyn til villreinkalving
		Preparert skiløype som kan stengast av omsyn til villrein og skal stengast 25. april av omsyn til villreinkalving
		Preparert skiløype som kan vere open i påska og til eit arrangement utanom påska
		Lysløype
		Kvista skiløype - DNT
		Parkeringsplass

Planen er vedteken av kommunestyret i Bykle kommune den 26. juni 2008

Målestokk 1:75000
 Kartet er laga av Bykle kommune



Sloaros løypa vintaren 2018

Logg:

1. Kunne starte oppkøyring 9. februar, pga dårlegt vær vart den ikkje køyrt opp. (vinterferie Rogaland)
2. Prøvde å køyre opp månadag 19. februar (vinterferie Agder) kom inn eit lite stykke og oppdaga mykje spor, snudde og returnerte til Hovden, møtte då på dyr. Løypa vart halde stengt heile vinterferien etter dialog med SNO.
3. Kunne starte oppkøyring att fredag 2. mars, men pga dårlegt vær vart det ikkje prioritert.
4. Fredag 9 mars er det bra vær, Sverre Bjørn køyrar inn til Langevatn, alt ok, men på veg ut att har det passert ein flokk dyr over løypa. Spora vert då øydelagt og løypa vert ikkje opna denne helga heller.
5. Fredag 16 mars, dette er helga Hovden Tour vart arrangert, pga kapasitet vart ikkje Sloaros prioritert
6. Påska 2018, SNO er inn til Sloaros 22.03.2018, avventer svar frå dei om me kan tråkke opp løypa natt til fredag 23 mars. SNO melder frå at det ikkje er dyr i området, løypa vert for fyrste gong sesongen 2018 køyrt opp natt til 23 mars og opna opp på morgonen. Løypa vert halde oppe gjennom påska og køyrt opp eit par gonger til igjennom påska. Alt ok, ingen dyr eller spor.
7. Sloaros løypa blir stengt 2 påskedag iht avtale.



Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2017/10177-0

Saksbehandler: Guro Sødergren

Dato: 30.01.2019

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	5/19	07.02.2019

Svar på søknad om endring på vedtak jf. ST 38/17; endring av størrelse av jakthytte øst for Svartevassmagasinet i Sirdal Kommune, gnr/bnr; 2/4, Sirdal Bygg for Ståle Kyllingstad

Vedlegg

- 1 Søknad Gnr. 2, Bnr. 4
- 2 Avtale om bruk av Jakthytte, Sikringsbu

Forvalters innstilling

I medhold av naturmangfoldloven § 48 får Ståle Kyllingstad tillatelse til å øke areal jf. ST 38/17 (riving og flytting av hytte ved Øreknuten øst for Svartevassmagasinet) i Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane landskapsvernområde i Sirdal kommune (gnr/bnr: 2/4). Den nye hytta skal ikke ha et areal som overskrider 30kvm (BYA) inkludert uthus.

Vilkår:

- Hytta skal være tilpasset terrenget, og den skal ikke plasseres eller utformes slik at de virker ruvende og dominerende i landskapet, eller blir stående i silhuett.
- Hyttas endelige plassering skal godkjennes av sekretariatet før byggearbeid starter.
- Hytta skal plasseres minst 50 meter fra kultminnestien.
- Hytta skal ikke være til hinder for tradisjonelt friluftsliv eller drifteveier/stier.
- Byggearbeidet skal foregå på en så skånsom måte som mulig for naturmangfoldet, planering av byggetomta er ikke tillatt.
- Fundamentering skal bestå av naturstein eller støypte påler.
- Det må søkes om eget løyve til motorisert ferdsel i forbindelse med transport av byggemateriale, utstyr og avfall.

- Alt avfall fra rivning og fra byggearbeidet skal fjernes og leveres på godkjent mottak innen november 2020.
- Byggearbeidet og rivning skal være ferdig innen november 2020.

Saksopplysninger


Bakgrunn for søknad


Sirdal Bygg søker på vegne av Ståle Kyllingstad om tillatelse til å endre størrelse i areal på jakthytte som ble godkjent av verneområdestyret i SVR i sak ST 38/17, fra 20kvm til 40kvm.

I søknad om endring av areal foreligger det nå en skriftlig avtale om utleie av beiteterrang, tidligere har det kun eksistert en muntlig leieavtale om beiterett på Kyllingstad sin eiendom.

Med hensyn til endring av byggets art ønsker Kyllingstad derfor å oppføre en hytte på 40 kvm fremfor 20 kvm som verneområdestyre allerede har gitt dispensasjon til.

Som tegningen illustrere skal mønehøyden fra terreng og topp møne blir 4,5 meter og gesimshøyde fra terreng og underkant gesims 2,5 meter. Jakthytten skal fremdeles plasseres i østskråning ned mot Svartevassmagasinet.





Rød prikk på kartet viser plassering av dagens jakthytte ved Kyllingstad sin eiendom på ca. 28000 dekar øst for Svartevassmagasinet i Sirdal kommune.

Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiene landskapsvernområde av 28.4.00.
- Forvaltningsplan for SVR, godkjent 2015.
- Naturmangfoldloven.

Hjemmelsgrunnlag

Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiene landskapsvernområde ble vernet ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000.

Formålet med vernet går frem av kapittel III i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiene landskapsvernområde:

- “1. Å ta vare på et sammenhengende, særpreget og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområder med et særpreget plante- og dyreliv, stølsområder, beitelandskap og kulturminner.
2. Å ta vare på et sammenhengende fjellområde som leveområde for den sørligste villreinstammen i Europa. “

Verneforskriftens kapittel IV punkt 1.1 forbyr inngrep som “*vesentlig kan endre landskapets art eller karakter*”. Forskriftenes opplisting under punkt 1.1 setter et generelt forbud mot nye bygninger.

Naturmangfoldloven § 48, dispensasjon når det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig:

Det er to vilkår for dispensasjon etter denne bestemmelsen og begge vilkårene må være utfylt for at dispensasjon kan gis:

- 1) Tiltaket kan ikke påvirke verneverdiene nevneverdig, og
- 2) Tiltaket må ikke stride mot vernevedtakets formål.

Nye bygninger kan i mange tilfeller være en trussel mot verneverdier og i strid med verneformål. En forutsetning for at en kan gi dispensasjon er at behovet kan dokumenteres, og at tiltaket kan gjennomføres uten nevneverdig negativ effekt på verneverdiene (forvaltningsplan for SVR kap. 2.3.4 ,2015). Tallet på bygninger i verneområder for SVR skal holdes på et nivå som ikke kommer i strid med verneverdier og verneformål. Inngrep i nye områder skal unngås, ved at behov for økt bygningsmasse i all hovedsak skal skje gjennom utviding av eksisterende bygninger.

Styret for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiene og Fráfjordheiene har forvaltningsmyndighet for Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiene landskapsvernområde.


Vurdering

Ved forrige søknad fra 2017 kunne ikke forvaltningen definere bygningens art ut fra forvaltningsplanen for SVR. Bygningen fikk derfor status som jakthytte etter landbruk PLUS.

Siden det nå foreligger en skriftlig avtale mellom Kyllingstad og en sauebonde fra Jæren om utleie til beite for 850 sau kan definisjonen på hyttas art forandres. Jf. forvaltningsplan for SVR kan hytta nå oppfylle kriterier som definerer bygget til ei sankehytte. Sankehytter er enkeltstående, mindre landbruksbygg, som blir brukt i forbindelse med tilsyn og sauesanking. Dette dreier seg ofte om mindre driftshytter, knyttet til den enkelte gardsbrukene. Normalt er disse byggene lokalisert i sentrale og høyereliggende deler av verneområdene. Størrelsen på eksisterende hytter ligger mellom 15 og 35 kvm. Utviding av eksisterende bygninger skal ha et samlet areal på 30 kvm (BYA) som er inkludert eventuelle uthus. Forvaltningen skiller ikke på om grunneier leier ut beiteterrang eller har eget bruk.

Andre vurderinger:


For å komme seg til hytta er det enkleste å sjøsette en båt fra båtslipet ved dammen og kjøre over Svartevassmagasinet for så å legge båten til land i reguleringssona ved Litle Auravatnet og gå de 136 meterne opp til hytta. Sekretariatet er kjent med at Kyllingstad har båt liggende i båthus ved dammen til Svartevassmagasinet. Som det er nevnt i søknaden er det +/- 3 timers gange fra Godfartdalen, men vi understreker at en båttur over magasinet gjør hytta lett tilgjengelig i sommerhalvåret.



Grunneier har fire hytter som kan serve eiendommen. Kartet viser alle eksisterende hytter (røde punkter).

I den forrige søknaden er det nevnt at eksisterende hytte kun brukes sommer og høst. Vi har tatt høyde for at ei ny hytte med større kapasitet samt bedre standard, vil føre til at hytta vil kunne også kunne benyttes vinterstid. Med ny plassering vil trolig ikke hytta snø ned og dette vil forenkle bruken og tilgjengeligheten. Den nye hytta kan derfor generere til mer motorferdsel i området da spesielt med tanke på transport med snøskuter vinterstid. Sekretariatet har ikke mottatt søknad om dispensasjon til motorisert ferdsel i form av snøskuter til jakthytta ved Øreknuten tidligere år. Sannsynlig vil det bli transporter av material o.l. i byggeperioden enten ved helikopter eller båt. Det er ikke søkt om dispensasjon til transport av material og utstyr knyttet til arbeidsperioden per i dag.

Hyttas utforming og størrelse endres om søknaden skal bli innvilget slik det søkes om. Det er søkt om å øke størrelsen på hytta med 20m² BYA. Den nye hytta er etter planene dobbelt så stor enn den eksisterende.



Hyttas nye plassering, ca. 1 km i luftlinje sør-vest for den opprinnelige, vil ikke endre landskapsbilde mye. Selv om nytt frittliggende bygg vil synes bedre enn den eksisterende som ligger bak en stein og som snør ned på vinteren, vil den nye hytta


ligger nær opp til et stort eksisterende inngrep (Svartevassmagasinet). Det er satt som vilkår i vedtaket at endelig og detaljert plassering av hytta skal godkjennes og befares av sekretariatet før en byggeprosess starter.

Etter § 7 i Naturmangfoldloven skal de miljørettslige prinsippene i § 8-12 legges til grunn som retningslinjer ved utøvelse av offentlig myndighet. Forvaltningsmyndigheten må vurdere søknaden etter disse prinsippene ved alle tiltak som vedrører naturmangfoldet, og disse vurderingene skal fremgå av beslutningen.

Kunnskapsgrunnlaget § 8:

Tiltaket ligger i et nasjonalt villreinområde. Posisjoner fra GPS merkeprosjektet viser at området nord øst for Svartevassmagasinet blir brukt hele året av villrein. Området ved tiltenkt plassering av ny hytte har ingen av de tre GPS merket simlene brukt det siste halve året (www.dyreposisjoner.no). Trolig blir området for det meste brukt av bukk og ikke de store fostringsflokkene.

Det har tidligere gått et villreintrekk som krysset nordenden av Hyttevatn (nordøstligste delen av Svartevassmagasinet), men som nå er mindre eller lite i bruk på grunn av reguleringene. Områdene videre østover fra Sågampen blir hyppig brukt av villrein og vil derfor betegnes som sentrale områder i villreinsammenheng.



Bilde illustrerer områdets bruk av villrein det siste halvåret i 2017.

Etter søk i naturbase og innsyn til informasjon om rødlistearter kan ikke vi finne andre arter eller økosystem som kan ta nevneverdig skade av tiltaket. Etter søk i kulturminnebasen er det registrert en kulturminnesti ved navn *Skinnvegen Valle-Lyse*. Vi vurderer kunnskapsgrunnlaget som godt.

Det blir derfor lagt mindre vekt på *føre var*-prinsippet i Naturmangfoldlovens § 9.

Naturmangfoldlovens § 10: (økosystemtilnærming og samla belastning)

Vannkraftutbygging dominerer landskapsinntrykket med sine store dammer, terskler og reguleringshøyde. Andre inngrep som stinettet til STF, løypa som går fra Storevann til Kringelvatn er med å prege det totale landskapsbildet for området. I tillegg til turisthytter har også Statskog og sankelag hytter liggende omkring. Landbruksnæring i form av sauedrift er godt representert i Setesdal Vesthei noe som også gjelder for det aktuelle området øst for Svartevass. Et nybygg på nærmere 40 kvm der kapasiteten og standarden på hytta økes vil kunne generere til økt bruk sammenlignet med ei mindre hytte på 20 m². Sekretariatet har derfor i sitt forslag til innstilling satt som vilkår at hyttas størrelse i BYA ikke skal overskride 30 kvm (BYA) jf. forvaltningsplan for SVR, sankehytte.

Naturmangfoldlovens § 11: (kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver)

Tiltakshaver skal dekke kostandene ved å hindre eller begrense skade på naturmangfoldet som tiltaket volder, dersom dette ikke er urimelig ut fra tiltakets og skadens karakter.

Naturmangfoldlovens § 12: (miljøforsvarlig teknikker og driftsmetoder)

I byggeperioden er det satt som vilkår i vedtaket at dette skal foregå på en så skånsom måte som mulig for naturmangfoldet. Vi har tatt høyde for at det skal benyttes motorisert ferdsel i selve byggearbeidet og dette må søkes utenom.

Konklusjon

Det gis tillatelse for å øke arealet på det allerede godkjente rive og flytteprosjektet til Kyllingstad ved Øreknuten øst for Svartevassmagasinet. Område er en sentral del av villreinområdet der det er ønskelig å begrense aktivitet og inngrep. Tillatelsen blir gitt med redusert BYA enn omsøkt. Dagens BYA er i samsvar med forvaltningsplan for SVR under kriterier for sankehytter. Bruken av sankehytta er i hovedsak knyttet til friluftsliv eller fritidsaktiviteter og jakt eller fritidsfiske og landbruk knyttet til sau som beiter på Kyllingstad sin eiendom.

Med hensyn til at hytta blir erstattet, vilkår om størrelse på BYA skal følge kriterier fra sankehytte fra forvaltningsplan og at det ikke blir vesentlige bruksendringer på hytta mener vi at vilkårene fra § 48 i naturmangfoldloven oppfylles.







Verneområdestyret for Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og Frafjordheiane.

v/Guro Sødergren

Tjørhom, den 11. januar 2019

Søknad om endring av størrelse av jaktbu/sikringsbu i sak. nr. 2017/10177.

Sirdal Bygg AS søker på vegne av Ståle Kyllingstad, eier av Gnr. 2, Bnr. 4 i Sirdal Kommune, om øking av størrelse på jaktbu/sikringsbu til 40 m² BYA.

Det ble i sak nr. 2017/10177 gitt tillatelse til å rive eksisterende bygning ved Øreknuten øst for Svartevassmagasinet i Sirdal Kommune, samt bygging av ny hytte med ett areal på 20 m² BYA.

Da det nå er inngått en skriftlig avtale med de som leier hans sommerbeite om bruk av jakt/sikringsbu innerst ved Svartevassmagasinet i forbindelse med ettersyn av sauene som beiter i Holmevassheia ønsker han å øke størrelsen på jakt/sikringsbuen til 40 m², noe som vernestyret har gitt åpning for dersom jakt/sikringsbu blir brukt til driften av heia.

Vedlagte rev. tegning viser utforming og størrelse på ny hytte. Mønehøyde fra terrenget til toppmøne blir 4,5 meter og gesimshøyden fra terreng og underkant gesims 2,5 m.

Med vennlig hilsen
Sirdal Bygg AS


Ole Johan Tjørhom

Tlf. 915 49 470
olejohan@sirdalbygg.no

Vedlegg: Tegning og avtale.

Sirdal Bygg AS, Org. nr. 981 906 136, Tlf. 38 37 98 80, post@sirdalbygg.no

Avtale om bruk av Jakthytte/Sikringsbu i Holmevassheia i forbindelse med ettersyn/samling av sauer.

Ståle Kyllingstad har en avtale med de som leier heia til sommerbeite for sau, om bruk av Jakt/Sikringsbuen innerst ved Svartevass magasinet i forbindelse med ettersyn av sauene som beiter i Holmevassheia.

Avtalen har vært muntlig, og Kyllingstad ønsker med oppføring av den nye Jakt/Sikringsbuen, å formalisere avtalen med en skriftlig avtale,

De gamle Jakt/Sikringsbuen, som etter jordskiftet mellom Kyllingstad og Statskog ble liggende inne på Statskog sitt område skal rives, og den muntlige avtalen overføres med denne avtalen til den nye Jakt/Sikringsbuen, som blir bygget nærmere Svartevass magasinet. Avtalen omfatter den gamle avtalen, og medfører ingen økt kompensasjon for de som leier heia.

Ståle Kyllingstad ønsker å oppføre en hytte på 40m², noe som vernestyret har gitt åpning for, dersom jakt/sikringsbuen bli bruk til driften av heia. Kyllingstad har en avtale med ~~Jon Frøyland~~ som har tillatelse til å holde.....8.50.....sauer i sommer halvåret i heia, og Jakt/Sikringsbuen blir bruk i forbindelse med ettersyn og sanking av sauene som beiter i heia.

Navn

Personnr.

Navn

Personnr.

21057246720
Jon Frøyland

29076042450
S. Kyllingstad

Leietaker

Grunneier

Arkivsaksnr: 2019/917-0

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 23.01.2019

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	6/19	07.02.2019

Søknad om bygging av driftshusvære ved Ormsavatn. 6/14, Jo Breivegen. Bykle kommune

Vedlegg

- 1 Søknad om bygging av driftshusvære gnr. 6 bnr. 14
- 2 Skisse driftshusvære Ormsa gnr. 6 bnr. 14
- 3 Eigedomsoversyn Jo Breivegen
- 4 19/1702 Uttale til søknad om bygging av driftshusvære ved Ormsaosen

Forvalters innstilling

Med heimel i *Forskrift om vern av Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane landskapsvernområde* kap. 1.1 vert det gjeven avslag på søknad frå Jo Breivegen gnr. 6, bnr. 14 om bygging av driftshusvære ved Ormsavatn i Bykle.

Tiltaket er lokalisert i område av særleg stor viktighet for villrein i høve til trekk og beite. Området ligg også i restriksjonsområde kalvingsone jfr. verneforskrifta kap. 4.2. Eit kvart tiltak som kan verke forstyrrende på villreinens bruk av området kan difor ikkje tillatast. Eit nytt driftshusvære i området vil føre til auka aktivitet og ferdsel i området. Sjølv om omfanget av dette forventast å vera liten må det leggest avgjerande vekt på føre – var prinsippet i naturmangfaldlova § 9. Ut frå dette er ikkje vilkåra til stades for å kunne gi dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48.


Søkar har gjeve ei grundig grunngeving av behovet til driftshusværet, og verneområdestyret ser at eit driftshusvære i område vil kunne styrke driftsgrunnlaget på garden og lette arbeidet med sanking og ettersyn av sau på beite. For ivaretaking av verneverdiar og verneføremål som omtala ovanfor er det likevel ikkje grunnlag for å tillate bygging

Saksopplysninger


Jo Breivegen har søkt om dispensasjon frå *Verneforskrift for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde* for bygging av driftshusvære i austenden av

Ormsavatn ved Ormsaosen, gnr. 6, bnr. 14 i Bykle. Søknad og kart ligg ved saka (vedlegg 1 og 2). Storleik på bygningen er oppgjeven til 30 m². Forvaltar legg til grunn at dette gjeld bygd areal (BYA). Plassering av bygningen går fram av kartutsnitt 1 nedanfor. Grøn skravur syner trekkorridor for villrein slik den ligg i naturbasen. Kartutsnitt 2 syner plasseringa i landskapet. Her er også trekkorridor for villrein ved Ormsaosen merka av (grøn skravur) samt restriksjonsområde kalving (brun skravur). Både Vatnedalsvatn og Ormsavan er regulert. Vatnedalsvatn med har ei reguleringshøgde på heile 140 meter. Reguleringshøgda i Ormsavatn er 11,5 meter.

Kartutsnitt 1. Raud sirkel syner plassering av bygning. Ved utlaupet av Ormsavatn ligg frå før to hytter. Grøn skravur syner trekkorridor for villrein.



Kartutsnitt 2. Plass for oppføring merka med raud sirkel ved austenden av Ormsavatn (6/14). Gul sirkel nærare Vatnedalsdammen lengre aust synar plassering av eksisterande driftshusvære ved Troddedalen (6/4)



Arealoversyn og grunngeving for tiltaket

Driftshusværet er søkt oppført på eigedomen 6/14, men søkar er og eigar av andre gardar i området, dvs. 4/8 og 6/4. Totalt areal for desse eigedomane er om lag 113 000 dekar, delvis som sameige og delvis som sjølveige. Eit kart med samla oversyn ligg som vedlegg 3 i saka. Søkar er busett på garden 6/4 *Løyning* der driftsbygning og våningshus ligg rett aust for Vatnedalsdammen.

Grunngjevinga for søknaden om driftshusvære er å lette drifta av eigedomen. Søkar driv i dag med skotsk høglandsfe men har også starta bygging av nytt sauefjøs med plass til 130 sau. For å ha tilstrekkeleg beite til sau er det trong for å ta ein større del av utmarka i bruk, bla. i områda kring Ormsavatn. Det er ønskjeleg med eget driftshusvære der inne for å lette arbeidet med tilsyn og sanking. Utleige av villreinjakt er og ein viktig del av drifta på bruket. Dei seinare åra har søkar disponert om lag 25 fellingsløyver. Det er mogleg å tene meir på dette om det også følgjer med husvære.

Søkar har frå før driftshusvære ved Troddedalstjønn ved sørsida av Vatnedalsdammen (6/4). Sjå kartutsnitt 2 ovanfor. Av søknad går det fram at dette ligg aust for tunnelen og at dyr på beite her i større grad vil trekke ned til bygda enn sau som beiter ved Ormsavatn. Ved Ormsavatn er det godt beite og spor etter tidlegare støyldrift og gardsdrift. Områda ved Troddedalstjønn er nordvendt slik at beita her kjem seinare enn inne ved Ormsa og nord-vestenden av Vatnedalsvatnet. Verneområdestyrte ga løyve til driftshusværet ved Troddedalstjønn i 2012 på sørsida av Vatnedalsdammen. Bygningen skulle nyttast i samband med tilsyn av dyr på beite samt utnytting av jakt og fiske rettar på eigedomen. Hytta ligg på eigedomen gnr. 6, bnr. 4.

Det går ein anleggsveg inn langs Vatnedalsdammen og inn til Ormsavatn. Frå garden og inn dit er det om lag 22 km. Frå eksisterande driftshusvære i Troddedalen er avstanden 16 km.

Det går fram av søknaden at plassering av driftshusværet ved austenden av Ormsavatn er drøfta med dei andre sameigepartane. Her har det vore støylsbuer før og det står to hytter nærmare Ormsaosn. Med driftshusvære ved Ormsavatn skriv søkar at det og vil redusere trafikken på anleggsvegen inn langs Vatnedalsdammen.

I sameiget gnr. 6, bnr. 14 på 100 000 dekar har ikkje søkar tilgong på andre husvære slik dei andre sameigepartane har.

Saka er sendt på uttale til Villreinnemnda for setesdalsområdet. Sjå vedlegg 4. Villreinnemnda tilrår ikkje at det vert gjeve løyve til bygging. Det vert lagt vekt på at bygningen ligg ved trekkområde mellom aust og vest for Vatnedalsvatnet/Ormsavatn. Vidare at området er viktig i samband med kalving.

Tiltaket er og sendt på uttale til fylkeskonservator. Dei har inga merknad i saka.

Formell bakgrunn for vurdering av tiltaket

1. Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.04.2000.
2. Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, godkjent 2015
3. Naturmangfaldlova

Heimelsgrunnlag

Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000. Føremålet med vernet er etter kapittel III i Føreskrift om vern av Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Av verneforskrifta kap. 1.1 går det fram at oppføring av bygningar ikkje er tillate. Søknaden må difor vurderast etter dispensasjonsbestemminga i naturmangfoldlova § 48 (*dispensasjon frå vernevedtak*). Av denne går det fram av forvaltningsmyndigheita kan gjere unntak frå verneforskrifta om det ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig. Sjølv om begge desse vilkåra er oppfylt gir det inga krav på dispensasjon, men der det kan gjerast ei konkret vurdering av tiltaket.

Områda kring Ormsavatn ligg i særskild kalvingssone *Vatnedalsheii 2*. Etter verneforskrifta kap. 4.2 er all ferdsel forbode her i perioden 25. april – 31. mai. Unntak gjeld for ferdsel som følgjer veg og merka løype, samt naudsynt ferdsel for grunneigar for tilsyn av eigedom.

Vurdering


Naturmangfoldlova §§ 8 - 12

Etter § 7 i Naturmangfoldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggst til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit. Forvaltningsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane

Kunnskapsgrunnlaget (§8)

Kunnskapen om naturmangfaldet i området er henta frå lokalkunnskap, Miljødirektoratet sin naturbase (www.naturbase.no), samt frå NINA sitt pågåande GPS-merkeprosjekt. Ein har og nytta kartlegging gjennomført av Norsk Villreinsenter (NVS-rapport 6/210). Kunnskap om kulturminne i området støtter seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase (www.askeladden.no).

I naturbasen er areala kring Ormsavatn definert som sommarbeite. Kartet nedanfor syner posisjonar frå GPS-merka villrein gjennom året frå 2007 til 2018. Som kartet syner må ein kunne seiast å vera i eit kjerneområde i høve til villrein, og da gjennom store delar av året.



Kartutsnitt 1 og 2 i saka syner trekkorridor mellom Ormsavatn og Vatnedalsvatnet. Kartutsnitt av GPS-punkta ovanfor underbygger bruken av dette. Topografien kring vatna, og til ein viss grad også reguleringa gjer at villreinen i inga eller liten grad kryssar dei to vatna. Trekk nord-sør går såleis mellom vatna samt i område vest for Ormsavatn.

Når det gjeld andre artar er det ikkje registrert informasjon om prioriterte artar, truga eller nær truga artar jfr. «Norsk rødliste». Det er heller ikkje registrert informasjon om utvalde naturtypar, truga eller nær truga naturtypar i aktuelle området.

I Askeladden er det registrert eit kulturminne ved utlaupet av Ormsavatn. Det går ikkje fram kva dette er. Det ligg uansett eit stykke frå staden er det er søkt om å sette opp driftshusværet.

Ut frå omtalen ovanfor vurderer ein kunnskapsgrunnlaget å vera tilstrekkeleg til å fatte vedtak i saka. «Føre var prinsippet» i naturmangfoldlova § 9 vert likevel tillagt vekt i dei vidare vurderingane.

Økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10 i NML).

Som nemnd er områda prega av vasskraftutbygging, ikkje minst den store reguleringshøgda på Vatnedalsdammen. Det går anleggsveg inn i området og der denne er bomma for ålmenta heilt ute ved Vatnedalsdammen. Rettighetshavarar har tilgang på bomnøkkel. Ein har ikkje ferdselsdata for anleggsvegen men i følgje lokalkjende vert det ført eit strengt regime på kven som skal ha nøkkel til bommen. I noko omfang vert vegen frå bommen og innover nytta til sykling og turgåing. Straumline følgjer vegen inn til vestenden av Vatnedalsvatn. Det er ikkje merka turistløyper i området.

På sameiget 6/14 ligg det 3 – 4 andre driftshusværet som i første rekke vert nytta i samband med villreinjakta. Størst mengde ferdsel er naturleg nok knytt til villreinjakta der også delar av denne vert leigd ut. Ved Ormsaosen ligg det eit anna driftshusvære og ei hytte tilhøyrande regulant.

I luftline er det i overkant av 10 km. ut til hytteområda på Hovden. Frå Hartevatn på Hovden har det tidlegare vore preparert ei skiløype sørover i retning av Ormsavatn og Vatnedalsvatn. Av ulike årsaker har ikkje denne vore preparert dei siste åra. Ferdsla kring Ormsavatn er såleis i all hovudsak knytt til grunneigaranes eigen bruk i samband med jakt og tilsyn av eigedomane.

Vasskraftreguleringa med fleire store magasin med tilhøyrande anleggsvegar sett naturleg nok sitt preg på desse delane av Bykleheia. I tillegg kjem overføringsleidningar for straum aust for Vatnedalsdammen og ved Botsvatn lenger sør. Sør for Ormsavatn ligg Store Urevatn. Til Store Urevatn går det open anleggsveg inn frå Botsvatn. Det går og ein anleggsveg frå Vatnedalsvatn og opp Uraråjuvet til Store Urevatn. I rapport frå GPS-merkeprosjektet (NINA Rapport 694) er områda kring Store Urevatn særleg omtala. Regulering av Store Urevatn har ført til at fleire tidlegare trekkorridorar for villrein har gått ut av bruk. Det vert og peika på at monaleg ferdsel på anleggsvegen til Store Urevatn er medverkande årsak til at villreinen i perioden vegen er open i liten grad kryssar vegen.

Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar (§ 11 i NML) og Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 12 i NML)

Ved ei eventuell oppføring av nytt driftshusvære er tiltakshavar pliktig til å syte for ei miljømessig god gjennomføring. Vesentleg her er plassering, tid på året for bygging, uttransport av bygningsavfall, materialbruk og utforming av bygning.

Søkar ser føre seg at driftshusværet vert bygd på garden og flydd inn i seksjonar. Dette gir kort byggetid inne i heia og truleg mindre behov for uttransport av avfall.

Både jaktutleige og utnytting av områda til sauebeite kan drivast utan eit nytt driftshusværet ved Ormsavatn. Forvaltar har likevel forståing for at et husvære kan lette drifta og gi eit betre inntektsgrunnlag på bruket.

Ved plassering av driftshusværet lengre vest langs Ormsavatn ville ein kunne kome utanom trekkorridoren merka av i kartet. Det må likevel leggst til grunn at villreinen nærmar seg trekkorridoren i ei relativt vid sone og at ein difor må langt vekk om dette skulle ha ein effekt. Uansett ville bygningen framleis ligge i kalvingsområde og viktige beiteområde, og ein får heller ikkje lokalisert den nær eksisterande bygningar.

Føringar gjeven i forvaltningsplanen

Av forvaltningsplanen kap. 2.3.4 går det fram at det unntaksvis kan gjevast løyve til nybygg av sankehytter for bruk i samband med tilsyn og sauesanking. Ein føresetnad er at tiltaket ikkje strir mot verneføremålet og ikkje er eit trugsmål mot verneverdiane. Vesentlege moment i vurdering av slike søknadar er:

- At bygningen er ein del av ei viktig for driftsforma
- Storleiken på bruket. Retningsgivande storleik er min. 3 000 dekar
- At avstand frå veg eller anna husvære på eigedomen er så stor at det vil føre til ei monaleg lette av drifta. Retningsgivande er min. 3 km./ein times gang.

Søkar har gjeve ei god grunngeving av trongen for driftshusværet. Det er aktivt landbruksdrift på bruket der bygningen vil kunne legge godt til rette for å utnytte beiteareala i større grad. Vidare vil utleige av jaktrettar og husværet kunne gi viktig tilleggsinntekt på bruket. Det er monaleg areal som ligg til dei aktuelle eigedomane, og sjølvstekt langt meir enn det som er lagt til grunn i forvaltningsplanen.

Som nemnd går det bilveg heilt inn til Ormsaosen. Slik sett støtter ikkje søknaden «kravet» om min. 3 km/ein times gange frå veg. Ut frå grunngevinga i søknaden ser ein likevel at eit driftshusvære kan gjere det enklare å ha sau på beite der inne, samt drive utleige av jakt. Føringane gjevne i forvaltningsplanen må likevel ikkje handhevast slik at nye bygningar vert lagt lengst mogleg inn i heia. Det er tross alt positivt at nye bygningar vert lokalisert nær eksisterande hytter og i område som frå før er prega av inngrep.

Vurdering etter naturmangfoldlova § 48

For å kunne gi dispensasjon etter naturmangfoldlova (NML) § 48 må følgjande to vilkår vera oppfylt:

- Tiltaket må ikkje stri mot føremålet i vernevedtaket
- Tiltak må ikkje påverke verneverdiane nemneverdig

Verneområdestyret har frå tid om anna gitt løyve til enkelte nye driftshusværet etter § 48 i NML. Som oftast har det då vore tale om erstatning av eldre husvære som vert riven. Nokre få døme er det også på bygging av heilt nye driftshusvære der det ikkje står noko frå før. Ingen av desse har ligge kjerneområde for villrein, noko som må seiast å vera tilfelle i denne saka.

Kva som strir mot verneføremål og verneverdiar vil måtte vurderast ut frå skjønn, men Miljødirektoratet har i sin rettleiar M106 - 2014 lagt til grunn at moglegheita for dispensasjon etter § 48 er snever.

Eit vesentleg spørsmål i saka er i kva omfang bruken av områda kring Ormsavatn vil endre seg som følgje av eit nytt driftshusvære. Vidare om dette i så fall vert av eit slikt omfang at det verkar forstyrrende på villrein. For sauehaldet vil eit husvære naturleg nok gi meir opphald inne i området men truleg noko redusert ferdsel på anleggsvegen. Om utleige av husværet i samband med jakt vil redusere trafikken på vegen er meir tvilsamt. Totalt sett legg forvaltar til grunn at eit driftshusvære i nokon grad vil auke ferdsla og aktiviteten i området, langt på veg er jo dette mykje av hensikta sett frå søkars ønskje om å nytte ressursane på garden.

Spørsmålet vert då om den auka ferdsla og aktiviteten vil avgrense villreinens moglegheit til å bruke området. Sikkert er det at villreinen i dag finn kvalitetar kring Ormsavnet som gjer at den nyttar områda gjennom store delar av året. Dette på tross av belastninga som følgjer av vasskraftutbygginga, veg og eksisterande hytter. Vidare vert trekkorridoren mellom Ormsavatn og Vatnedalsvatn jamnleg nytta av villrein. Det er sannsynleg at eit nytt driftshusvære til ein viss grad kan virke negativt inn på dette, og såleis vera negativt for verneføremål og verneverdiar. Førre var prinsippet og samla belastning jfr. naturmangfoldlova §§ 9 og 10 må her tilleggast vekt. Ut frå desse er vurderingane er det etter forvaltars syn ikkje grunnlag for å kunne gi dispensasjon etter naturmangfoldlova § 48

Presedensverkand

Ut i frå samtale med søkar har forvaltar fått forståing av at dei andre partane i sameiget 6/14 har driftshusvære som i rimeleg grad dekker behova. Det er difor liten grunn til å tru at eit løyve til bygging vil opne for fleire tilsvarande bygningar på eigedomen. Saka er også «spesiell» ved at driftshusværet er søkt lagt i område med inngrep og bygningar frå før. Den vil såleis ha avgrensa overføringsverdi til evt. seinare søknader om bygging lengre inn i meir urørde område.

Ved vurdering av søknadspliktige tiltak i verneområdet har ein generelt hatt ein restriktiv praksis for tiltak i kjerneområda for villrein. Vidare ser ein det som heilt vesentleg å halde på attverande trekkorridorar i heiområda. Ved å tillate omsøkte driftshusvære vil det kunne opne for ein meir liberal praksis også i andre kjerneområde. Her må ein også ta høgde for at det i andre sameige er partar som ikkje sjølv disponerer husvære.

Konklusjon

Trong for driftshusværet på eigedomen er godt dokumentert. Eit driftshusvære i område vil kunne styrke driftsgrunnlaget på garden og lette arbeidet med sanking og ettersyn av sau på beite. Tiltaket er planlagt i område det frå før er to hytter og i område med fleire store inngrep som kraftmagasin, veg og straumline. Særleg i samband med villreinjakta er det ein god del ferdsel området kring Ormsavatn og inn langs anleggsvegen.

Tiltaket er lokalisert i område av særleg stor viktighet for villrein i høve til trekk og beite. Området ligg også i restriksjonsområde kalvingssone jfr. verneforskrifta kap. 4.2. Eit kvart tiltak som kan verke forstyrrende på villreinenens bruk av området bør difor ikkje tillatast. Eit nytt driftshusvære i området vil føre til auka aktivitet og ferdsel i området. Sjølv om omfanget av dette forventast å vera liten må det leggast avgjerande vekt på føre – var prinsippet i naturmangfaldlova § 9. Ut frå dette er ikkje vilkåra til stades for å kunne gi dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48.

Kopi:

Søkar

Fylkesmannen i Agder

Bykle kommune

Villreinnemnda for setesdalsområdet

Jo Breivegen
Løyningsvegen 31
4754 Bykle

SVR

v/Jørn Trygve Haug

Søknad om bygging av driftshusvære ved Ormsa gnr. 6 bnr. 14.

Søknaden gjelder oppsetting av driftshusvære på 30 m2 ved Ormsa i Bykle kommune. Dette er ønskelig for å lette drifta av eiendommen. Eiendommen er stor med et areal på ca 100 000 da. Min part er på ca. 24 000 da. I tillegg kommer areal som ligger nær bygda på ca. 13 000 da - som ligger fordelt på to gårdsbruk der jeg eier ca. 10 000 da.

Vi har i dag skotsk høylandsfe på gården, og vi begynte å bygge sauefjøs i 2017 med plass til ca. 130 sau. For at vi skal ha beite til disse, er vi avhengig av å ta større deler av gården i bruk enn det vi gjør i dag - deriblant sommerbeite i fjellet. I denne sammenheng ønsker vi å ha sauene på beite inne ved Ormsa. Her er det godt beite etter tidligere støyldrift og gårdsdrift. Dette området ligger 22 km fra gården og er avgrenset med stupbratte fjell ut mot der gården ligger i dag, med blant anna tunell man må kjøre gjennom for å komme inn langs anleggsvegen. Dette gjør området godt egnet til å ha sau slik at man slipper at sauene springer ned i bygda hele tiden og spiser opp blomster og blir påkjørte.

Vi har i dag et driftshusvære som ligger i Troddedalen, men dette ligger øst for tunnelen og således vil dyra i mye større grad trekke ned til bygda. Arealet her ligger også nordvendt, så beite kommer mye seinere her, enn inne ved Ormsa og nordenden av Vatnedalsvatnet. Det er ca. 16 km mellom der den hytta vi har i dag ligger og den vi nå har tenkt å sette opp. Når det gjelder plassering av hytta, har dette vært drøfta med de andre grunneierne og det er ønskelig å legge denne i østenden av Ormsa ved de andre hyttene. Dette fordi her har det vært støylsbuer fra før og det ligger heller ikke så langt fra der gårdene lå i nordenden av vannet. Dette er ødelagt av kraftutbyggingen, så ingen av bygningene som hørte til gården her inne er synlige i dag. Men som tidligere nevnt er det her det er godt beite og vi ønsker en base for å holde dyra her med saltstein osv.

I tillegg kommer mye av inntektene fra utleie av jakt. Jeg hadde 25 reinsdyrkort i dette terrenget i 2018 og ville fått betydelig bedre betalt hvis jeg hadde hatt husvære å leie ut sammen med korta. Det har de andre grunneierne, men ikke jeg. Det er også et poeng at folk bor her inne i tider for å slippe mye trafikk på anleggsvegen.


Med dette søker jeg om driftshusvære ved Ormsa - se vedlagt flyfoto for plassering. Vedlagt ligger også skisse på hvordan bygningen er tenkt bygd. Dette med bakgrunn i driften på gården og at alle husværa som tidligere hørte til garden er demt ned.

Med helsing





Jo Breivegen

Tlf. 915 51 937




OS: 1:50




Stående panel af smørkede glass 1:50

Arealoversyn og teigstruktur Jo Breivegen


6/14 Vatnedalen: 100 000 dekar. Tal partar i sameiget: 4 på arealet rund Ormsa 3 på det resterande.



6/4 Løyning: Areal 9600 dekar. Det er 2 partar på øvre del av Troddedalen og resterande er sjøleigd. Det vil si at fellesarealet er på 6000 dekar, der det er 2 partar. Det resterande er sjøleigd.



4/8 Nordgarden: Areal 3300 dekar sjøleigd.





Villreinnemnda for Setesdalsområdet

SVR
v/ Jørn Haug

Dykkar ref.

Vår ref.
19/152-2 19/1702
Jarle Lunde

Arkivkode:

Dato:
31.01.2019

UTTALE TIL SØKNAD OM BYGGING AV DRIFTSHUSVÆRE VED ORMSAOSEN

Me viser til e-post datert 28. januar-2018 angående søknad om bygging av driftshusvære ved Ormsaosen. I forhold til utmarksnæring kan ein gi løyve til landbruksbygg når det ikkje strir mot verneformålet. Lokalisering må då skje i minst mogleg konflikt med villreinen sin arealbruk etter vurderingar basert på oppdatert kunnskap.

I denne saka vil me rå i frå i gi byggeløyve. Me legg då vekt på at lokaliseringa ligg like ved eit viktig trekkområde mellom aust og vest for Vatndalsvatnet/Ormsavatnet. Området er viktig i samband med kalving. GPS-merkeprosjektet viser at området er særst mykje brukt av villrein store delar av året.

Vennleg helsing

Margit Smeland
Leiar

Tommy Vatslid
nestleiar

Suldal kommune har sekretariat for Villreinnemnda for Setesdalsområdet.

Postadr.: Sandsvegen 122, 4230 Sand.
Tlf: 52 79 24 35 (404 18 967)
E-post: jarle.lunde@suldal.kommune.no.
Nettside: <http://villrein.no/setesdal-nemnd/>





**Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane**

Postadresse
Postboks 788 Stoa
4809 ARENDAL

Besøksadresse
Kommunehuset, 4440 Tonstad

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47 38 17 62 03
fmavgso@fylkesmannen.no
www.svr.no

Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2019/1165-0

Saksbehandler: Guro Sødergren

Dato: 31.01.2019

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	7/19	07.02.2019

Søknad om turrenn på ski rundt Skoræ i Åseral kommune 30 mars 2019- SVR LVO

Vedlegg

1 SØKNAD_Skoræ rundt

Forvalters innstilling

I medhold av kapittel 4, punkt 4.1 i forskrift om vern av Setesdal Vestheie og Ryfylkeheiane landskapsvernområde får Ljosland Skisenter tillatelse til å arrangere turrennet «Skoræ rundt» 30 mars 2019.

I medhold av § 48 i naturmangfoldloven får Ljosland skisenter bruke snøskuter i forbindelse med transporter knyttet til frakt av utstyr og mannskap.

- To transporter i forkant av rennet med maks to snøskutere med slede for planlegging av plassering av poster samt skilting.
- En transport med maks to snøskutere med slede i forbindelse med frakt av utstyr til Lakkenstova dagen før rennet.
- Fem snøskutere med slede i forbindelse med sikringsposter samt oppsamlingsrunde med fjerning av søppel/skilting osv løpsdagen 30 mars.

Tillatelsen gjelder fra 29- 30 mars 2019.

Andre vilkår:

- Godkjent løyvet om maskinpreparering må foreligge etter forskrift om vern av Setesdal Vestheie og Ryfylkeheiane.
- Dette løyvet er bare gyldig sammen med kommunalt løyve etter Lov om motorferdsel i utmark og islagte vassdrag.
- Dersom transporten går over andre sin eiendom, må innehaver av løyvet selv innhente samtykke fra grunneier.



- Løyvet skal alltid være med under arrangementet.
- Løyvet kan trekkes tilbake på kort varsel i perioder dersom hensyn til viltet krever det.
- Dersom det observeres villrein langs kjøreruta skal turen avventes til faren for forstyrrelser ikke lenger er tilstede.
- Alt av søppel ol. etter gjennomført arrangement skal ryddes opp innen 30 mars.

Saksopplysninger

Bakgrunn for søknad

Ljosland skisenter i samarbeid med Åseral idrettslag og andre frivillige hyttefolk ønsker å arrangere et nytt turrenn i løypa rundt fjellet «Skoræ» lørdag 30 mars 2019. Store deler av løypetraseen ligger innenfor Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane landskapsvernområde.

I forbindelse med arrangementet skal det etableres tre poster langs løypa som det må transporters inn frivillige samt utstyr.

Post 1 er en drikkestasjon ved Lakkenstova. Utsyr må fraktes inn dagen før, og hjelpemannskap til å betjene drikkestasjonen må transporteres inn lørdag. Det er planlagt å bruke en snøskuter med slede til dette. Denne ene snøskuteren skal også kjøre rundt Skoræ og ta med seg eventuelle deltakere som ikke har kommet til mål.

Post 2 og 3 er sanitetspost som Røde Kors hjelpekorps betjener. En skuter per post med to mann på hver skuter er planen her. Utstyr til disse postene skal transporteres inn lørdag.

Kartet under viser tiltenkt løypetraseen og oversikt over de ulike postene.

Skoræ rundt ca 20 km (måles opp)



Løypetraseèn til turrennet blir lagt til allerede eksisterende oppkjørte løyper med tråkkemaskin. Det er tegnet inn en alternativ trasé ved Krokvatn som er ønskelig å kjøre med snøskuter dersom isforholdene tillater det. Da vil en unngå for mye kupert terreng og vil kun gjelde for deltakere i turklassen.

Behovet for motorisert ferdsel:

- To transporter i forkant av rennet med snøskuter for planlegging av plassering av poster samt skilting.
- En transport med frakt av utstyr til Lakkenstova dagen før rennet.
- Renndagen blir det behov for fem snøskutere i forbindelse med sikringsposter samt oppsamlingsrunde med fjerning av søppel/skilting osv.

Oppsummert så søkes det om å arrangere selve arrangementet samt motorisert ferdsel knyttet til rennet.

Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.4.00.
- Forvaltningsplan for SVR, godkjent 2015.
- Naturmangfoldloven.

Hjemmelsgrunnlag

Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde ble vernet ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000.



Formålet med vernet går frem av kapittel III i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiene landskapsvernområde:

1. Å ta vare på et sammenhengende, særpreget og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområder med et særpreget plante- og dyreliv, stølsområder, beitelandskap og kulturminner.
2. Å ta vare på et sammenhengende fjellområde som leveområde for den sørligste villreinstammen i Europa. “

Jf. pkt. 4.1 i forskrift av Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane landskapsvernområdet skal; *arrangører av større organiserte arrangement som idrettsarrangement, jaktprøver, store tellleirer og militærøvelser, søke forvaltingsstyremakten om løyve til arrangementet.*

Jf. forvaltningsplan for SVR kapitel. 2.5.5 vil verneområdestyret være restriktiv med å gi tillatelse til større organisert arrangement som kan være skadelig for verneformål og verneverdier eller kan komme i konflikt med andre brukerinteresser, viktige funksjonsområde for villrein, hekke og hi-områder før rødlista arter, områder som er sårbare for slitasje, eller områder med viktig næring eller friluftsjnteresser.

Motorisert ferdsel på land er i utgangspunktet forbudt i landskapsvernområdet. Motorisert ferdsel i verneområdet reguleres av verneforskriften kapittel IV, punkt 5.

Omsøkt motorisert ferdsel kommer ikke inn under forskrift for Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane, denne delen av søknaden må derfor behandles etter naturmangfoldloven § 48 (dispensasjon fra vernevedtak). Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

Styret for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiene og Fráfjordheiene har forvaltningsmyndighet for Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiene landskapsvernområde.

Vurdering

Skiløpet på 20 km rundt fjelltoppen Skoræ er et høyfjells turrenn der traseen ligger rundt 800 moh. Start og mål område er ved Farstølvatnet som ligger utenfor verneområde. Ca. halve løypetraseen ligger innenfor verneområde for SVR.

Per dags dato foreligger det ikke løyve til godkjent maskinpreparering av skiløpa rundt Skoræ. Det må sendes søknad om dette som må behandles etter kapitel 5.5 i forskrift om vern av SVR. Løyvet om maskinpreparering rundt Skoræ gikk ut i 2015. Arrangementet får ikke gjennomføres før nytt løyve foreligger.

Etter § 7 i Naturmangfoldloven skal de miljørettslige prinsippene i § 8-12 legges til grunn som retningslinjer ved utøvelse av offentlig myndighet. Forvaltningsmyndigheten må vurdere søknaden etter disse prinsippene ved alle tiltak som vedrører naturmangfoldet, og disse vurderingene skal fremgå av beslutningen.

Kunnskapsgrunnlaget § 8:

Det er markert et villreintrekk vest for Skåræ og område kan også bli brukt til vinterbeite. Det foreligger ikke observasjoner av villrein så langt sør i kommunen de siste åra, men det er et regionalt mål å øke villreinstammen sørover mot disse områdene. Muligheten for at tiltaket kan forstyrre villrein som kan befinne seg i område er til stedet. Det er derfor viktig at løyve har med vilkår om at det kan trekkes tilbake dersom hensyn til viltet gjør det nødvendig og at det må vises hensyn dersom det observeres villrein under arrangementet. Nye målsetninger for Setesdal sørveststammen inkluderer også spredning sørover i Åseralsheia. Kunnskapsgrunnlaget for behandling av søknaden er basert på kartløsninger med innsyn i sensitive data fra Artsdatabanken, Miljødirektoratet og Fylkesmannen i Agder samt rapporter fra NINA, det legges derfor liten vekt på *føre var*-prinsippet i Naturmangfoldloven (§9).

Økosystemtilnærming og samlet belastning § 10

Området har merket maskinpreparerte skiløper som trækkes ukentlig i vintersesongen i forbindelse med hytteturister som bruker fjellområde til friluftsliv. Det er flere hytter i området som har dispensasjon til snøskuter, flere av disse følger hovedsakelig skiløypa.

§ 11 i Naturmangfoldloven

Kostandene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver.

Miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder § 12

Den motorferdselen det er søkt om, medfører så langt forvaltningsmyndigheten kan se svært liten risiko for alvorlige og irreversible skader på naturmangfoldet. Transport med snøskuter i forbindelse med uttransport av utstyr og mannskap skal følge allerede tråkket skiløype til drikkestasjon og sanitetsstasjon. Hele arrangementet er knyttet opp til eksisterende løyper og skitraseèr. Forstyrrelsene er avgrenset i tid og dreier seg i hovedsak om støy. Faren for forverring av naturmiljøet blir derfor vurdert som liten.

Konklusjon

En forutsetning om at villkår oppfylles vil de omsøkte motoriserte transportene og selve arrangementet bare i liten grad ha negativ innvirkning på verneverdiene i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Vilkår i naturmangfoldloven er derfor oppfylt med hensyn til motorisert ferdsel.

Verneområdestyre for
Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane
og Frafjordheiane
v/ Jørn Haug
Send pr.epost den 24.01.2019.

SØKNAD

TURRENN «SKORÆ RUNDT»

Ljosland Skisenter i samarbeid med Åseral Idrettslag og frivillige «hyttefolk» ynskjer å arrangere eit nytt turrenn i løypa rundt Skoræ laurdag 30.mars. Store delar av løypetrasèen er innanfor verneområdet. Ynskjer i den samanheng løyve til å frakte inn utstyr og mannskap på tre postar langs løypa. Det er vanskeleg å forutsjå kor mange deltakarar det blir når det er fyrste gong rennet skal arrangerast, men me tipper ein plass mellom 20 og 50 stk. I tillegg vil me ha eit barneskirenn ved Farevatn når løpet foregår, men dette er utanfor verneområdet.

Rennet blir langs eksisterande løypetrasè med start/mål ved Farevatn. Den alternative ruta som er teikna inn ved Krokevatn er ynskjeleg å køyra med scooter dersom isforholda tillèt det. Då unngår ein dei «verste» opp- og nedover-bakkane, men det er kun deltakarar i turklassen som får høve til å gå denne. Det blir ein klasse over og ein under 17 år samt turklasse for begge kjønn.

Post 1 (6km): Lakkenstova. Drikkestasjon. Utstyr må fraktast inn her fredag 29.mars. Folk til å betjene deltakarar må inn laurdag med scooter. Det er truleg nok med ein scooter med slede. Den same scooteren køyrer heim rundt Skoræ etter alle deltakarane og sikrer at alle er komen til sanitetspost nr.2.

Post 2 og 3 : Sanitetspost (Røde Kors). Ein scooter med to mann til begge postane. Utstyr til desse skal ikkje inn før dagen rennet er.

Skoræ rundt ca 20 km (måles opp)



Behovet for motorisert ferdsel:

- To turar i forkant av rennet for planlegging av plassering av postar og skilting.
- Ein tur med frakt av utstyr til Lakkenstova fredag 29.mars. Kan noko fraktas samtidig som løyper blir køyrd vil det sjølvsagt bli gjort.
- Dagen rennet er: Inntil fem scooterar til sikringspostar samt oppsamlingsrunde med fjerning av søppel/skilting frå kl.8-17.

Me har valgt å ta med «Skoræ» som Åseral sin høgaste fjelltopp i navnet på rennet. Me vil også ha fokus på at store delar av løypa ligg i verna område og håpar at dette vil bidra til eit kvalitetsstempel på rennet. Ynskjer frå SVR vil sjølvsagt takast med i den vidare planlegginga. Me vonar på positiv attendemelding på søknaden.

Med venleg helsing

Gunvor Ljosland

Dagleg leiar

Ljosland Skisenter A/S

Tlf.97190325



Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2019/1093-0

Saksbehandler: Alf Odden

Dato: 01.02.2019

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	8/19	07.02.2019

Klage på avslag på søknad om dispensasjon til motorferdsel i samband med utlegging og drift av jerveåter i Dyraheio landskapsvernområde, Suldal kommune - Arve Aarhus

Vedlegg

- 1 søknad jerveåter 2019-2024
- 2 Jervakart 2017
- 3 Avslag på søknad om dispensasjon til motorferdsel i samband med utlegging og drift av jerveåter i Dyraheio landskapsvernområde, Suldal kommune
- 4 Klage på avslag på søknad om motorferdsel i Dyraheio landskapsvernområde

Forvalters innstilling

Verneområdestyret tek ikkje klagen på Delegert vedtak 8/19 til følge.
Klagen inneheld ikkje nye moment som skulle gi grunnlag for ei omgjerding av vedtaket.
Klagen sendes til Miljødirektoratet for endeleg avgjerd.

Saksopplysninger

Viser til opphavleg søknad frå Arve Aarhus om dispensasjon til motorferdsel i samband utlegging og drift av jerveåter i Dyraheio landskapsvernområde, datert 26.01. 2019, avslag på søknaden i Delegert vedtak 8/19, datert 30.01.2019, samt klage på avslaget frå Arve Aarhus, datert 31.01.2019.

Verneområdeforvaltar av slo i Delegert vedtak 8/19, søknaden om bruk av snøskuter for utlegging og drift av jerveåter i Dyraheio landskapsvernområde.

Bakgrunnen for avslaget var at ein innvilga søknad ville medføre ei markert auke i motorferdsel i området, og at dette ville føre til forstyrning av villreinen i eit mykje bruka vinterbeiteområde. Til forskjell frå tidlegare år da liknande søknader har blitt innvilga, er det i 2018 ikkje blitt dokumentert tap av beitedyr til jerv i Dyraheio, og det er ikkje gitt løyve til skadefelling av Fylkesmannen i Rogaland.

Vedtaket i Delegert vedtak 8/19 hadde denne ordlyden:

«I medhald av kapittel III og kapittel IV, punkt 3.1 i Forskrift om vern av Dyraheio landskapsvernområde, får ikkje lisensfellingslaget ved fellingsleiar Arve Aarhus, dispensasjon til motorferdsel med snøskuter for utlegging og drift av to åter i samband med lisensjakt på jerv i Dyraheio landskapsvernområde.

Motorferdsla det er søkt om går gjennom eit viktig vinterbeiteområde, og medfører auka forstyrring av villreinstamma.

I motsetnad til tidlegare år da det har blitt gitt dispensasjon til slik motorferdsel, er det i 2018 ikkje blitt dokumentert tap av beitedyr til jerv i det aktuelle området, og det er heller ikkje gitt løyve til skadefelling av Fylkesmannen i Rogaland.»

I sin klage på vedtaket vektlegg Aarhus at søknaden er utarbeidd etter ønskje/behov frå Rogaland Sau og Geit og fleire samarbeidande organisasjonar. Ein ønskjer å vidareføre det pågåande arbeidet med å unngå tap av småfe til jerv, på ein enkel og rasjonell måte, også i dei åra ein ikkje har eit skadefellingsløyve som heimel for gjennomføringa.

Det blir og peika på at søknaden er ei direkte vidareføring av ordninga som har fått løyve i fleire år. Det framhevast vidare at denne ordninga har ført til fleire registreringar av jerv og meir innsamling av biologisk materiale for identifisering. Vidareføring av ordninga blir og vurdert å være svært viktig for å oppdage jerv tidleg på vinteren. Dette gir større moglegheit for felling i lisensjaktperioden, kan redusere behovet for ekstraordinære uttak i yngletida, og redusere behovet for tap av småfe til jerv i kommande beitesesong.

Det opplyst og at utlegginga av åter kan samordnast med anna verksemd i området slik at talet på snøskuterturar blir haldt på eit minimum, og at gjennomføringa derfor kan skje utan stor auke i snøskutertrafikken i området.

Det visast og til at åteplassane er nøye vurdert og er dei stadene med størst sannsynligheit for besøk av jerv. Det er og svært viktig at åteplassane er faste.

Det søkast om eit fireårig løyve slik at gjennomføringa blir føreseieleg, og kan skje også i år utan skadefellingsløyve.

Vurdering

Klagen inneheld ei grundig utgreiing for bakgrunnen for søknaden, og går djupare inn i dei positive effektane av jerveåta. Den gir og opplysningar om at ein gjennom god organisering kan unngå ein sterk auke i motorferdsla i verneområdet. Det opplyst framleis ikkje kor mange snøskutertransportar det søkast om dispensasjon for.

Verneområdeforvaltar står likevel fast på vurderinga om at ein innvilga søknad vil medføre ein sterk auke i motorferdsla i eit mykje brukt vinterbeiteområde for villrein. Motorferdsla i dei sentrale delane av Dyraheio er relativt avgrensa, og til dømes 10 turar til kvar av åteplassane vil utgjere om lag 30-40% av det totale talet på snøskutertransportar i dei desse områdene.

Verneområdeforvaltar står og fast ved vurderinga av at dispensasjon til utlegging av åte må avgrensast til år der det er gitt eit skadefellingsløyve. Motorferdsla medfører auka forstyrring av villrein, og dette er ikkje ein situasjon ein ønskjer å ha årvisst. Her visast det og til referatet frå dialogmøtet om store rovdyr i Rogaland 04.12.2018. Her viser fylkesmannen til at dei har drøfta vidareføring av åteplassane med SNO, og komme fram til at dette ikkje kan anbefalast som ein generell praksis. «Når det gjelder vidareføring av åteplasser har vi diskutert saken med SNO. Ut fra et jaktperspektiv så ser vi logikken i en slik vidareføring, men vi kan ikke anbefale det som generell praksis.»



Slik verneområdeforvaltar les både søknaden og klagen, så leggast det mindre vekt på sjøve lisensjakta og større vekt på overvaking og dokumentasjon. SNO har allereie ei omfattande verksemd når det gjeld sporing og overvaking av jerv i våre områder. Det har og vist seg at jakta i samband med ekstraordinært uttak har vore effektiv.



Fra: arve aarhus[aaarh@online.no]
Sendt: 26.01.2019 11:23:15
Til: Odden, Alf
Tittel: søknad jerveåter 2019-2024

På rovviltmøtet til fylkesmannen før jul var det frå landbruksorganisasjonane ønskje om drift og røkting av åter for felling av jerv som før også i 2019. Det vart gjort fellingar av jerv på ekstraordinære uttak våren 2018, men det blei vurdert som viktig å halda igong etablerte åteplassar trass at jerveførekosten var usikker nå på kort sikt. Det vart avklara at fylkesmannen skulle undersøkje korleis dette kunne gjerast vidare.

Åtene har vore brukte i ei årrekke til skadefellingsforsøk, og blei brukte av jerv både i 2017 og 2018, men først etter at skadefellingsperioden var over. Åtene er kameraovervåka, og det blei fine bilder av jerv. Det er å tenkje at faste åter over tid, rett plassert, vil trekkje til seg evt jerv som brukar området, og at det blir god dokumentasjon med slik overvaking også uavhengig av jaktforsøk.

Det vart seinare avklara at det ikkje var grunnlag for å gi skadefellingsløyve førebyggjande slik fylkesmannen vurderte situasjonen. Alternativet då er lisensjakt. Det blei i 2015 gjort tilpassningar i motorferdslelova som heimla bruk av snøskuter til utlegging og røkting av åter, men avgrensa til at motorisert ikkje kan nyttast til jaktutøvinga. Kommunen har mynde til vedtak etter søknad, men ferdsla må også løyvast av SVR. Ferdsla er avklara med grunneigarane.

For å få drift vidare er det laga lisensfellingslag jerv med utgangspunkt i personane som har gjennomført aktiviteten også i skadefellingssamanheng. Leiar for laget er Arve Aarhus.

Me søker nå om bruk av motorisert til utlegging og røkting av åter for jerv på plassane me har hatt åter på dei siste åra. Totalt tre plassar. Dei to åtene på kartet lengst sør blir ikkje prioriterte. Me søker om fleirårig ordning for åra 2019-2024. Drift av åter i samband med lisensjakt vil vera aktuelt i perioden desember og så lenge jaktperioden varer, samt også utover våren for overvakingdelen, og med opprydding i april/mai kvart år. Åtene blir røkta lokalt, og kjøreruta vil vera kortaste veg med tre utgangspunkt: bleskestad, vetrhus og saurdal.


Søknaden går til SVR som me ventar samkjører sakshandsaminga med suldal kommune.

Vedlagt er kartfesta åteplassar, samt eit bilde av jerv på ein av åteplassane.

Håpar på snarlig svar.

Mvh
Arve Aarhus
Kvilldalsvegen 664
4237 Suldalsosen

aaarh@online.no
47750258



0 2 4 6km

Målestokk 1:200000 ved A3 stående utskrift



Lisensfellingslaget v/ fellingsleiar Arve Aarhus
Kvildalsvegen 664
4237 SULDALSOSEN

Arkivsaksnr: 2019/1093-0

Saksbehandler: Alf Odden

Dato: 30.01.2019

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR - delegert utvalg	8/19	

DELEGASJONSSAK RO 03/2019

Avslag på søknad om dispensasjon til motorferdesel i samband med utlegging og drift av jerveåter i Dyraheio landskapsvernområde, Suldal kommune

Viser til søknad datert 26.01.2019 om snøskutertransport i samband med utlegging og tilsyn med åter for jervejakt i Dyraheio landskapsvernområde. Forvaltningssekretariatet for Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiene og Frafjordheiene har etter delegert mynde fatta det dette vedtaket 30.01.2019.

Med vennleg helsing

Alf Odden
Verneområdeforvaltar SVR

Brevet er godkjent elektronisk og sendast utan underskrift

Kopi
Suldal kommune, Fylkesmannen i Rogaland

Vedtak

I medhald av kapittel III og kapittel IV , punkt 3. 1 i Forskrift om vern av Dyraheio landskapsvernområde, får ikkje lisensfellingslaget ved fellingsleiar Arve Aarhus, dispensasjon til motorferdsel med snøskuter for utlegging og drift av to åter i samband med lisensjakt på jerv i Dyraheio landskapsvernområde.

Motorferdsla det er søkt om går gjennom eit viktig vinterbeiteområde, og medfører auka forstyrning av villreinstamma.

I motsetnad til tidlegare år da det har blitt gitt dispensasjon til slik motorferdsel, er det i 2018 ikkje blitt dokumentert tap av beitedyr til jerv i det aktuelle området, og det er heller ikkje gitt løyve til skadefelling av Fylkesmannen i Rogaland.

Klagerett

Vedtaket kan påklagast til Miljødirektoratet. Klaga skal sendast til verneområdestyret for vidare handsaming. Klagefristen er 3 veker frå mottak av vedtaket. Alle partar med klagerett har rett til innsyn i saksdokumenta. Skrifteleg klage skal sendast til Verneområdestyret for SVR Pb. 788 Stoa, 4809 ARENDAL. Oppgi kva for eit vedtak det vert klaga på, dei endringane klagar ynskjer og grunngeving for klaga. Dersom det vert klaga så seint at det kan vere tvil om det er klaga i rett tid, må det opplysast når brevet kom fram. **Saksopplysninger**

Bakgrunn for søknaden

Viser til søknad datert 26.01.2019, vedtak i AU-sakane 272/2012 og 04/2015 (tilsvarande søknad for 2013 og 2015), samt vedtak i delegasjonssak RO 21/2016, 02/2017 og 52/2017 (tilsvarande søknadar for 2016-2018). Viser og til referat frå Dialogmøte om store rovdyr i Rogaland 2818 04.12.2018. I 2013 gav verneområdestyret løyve til utlegging av åte på tre plassar i Dyraheio landskapsvernområde, samt løyve til 20 snøskuterturar til kvar åteplass. I 2015 gav verneområdestyret løyve til utlegging av åte på tre plassar i Dyraheio landskapsvernområde og ein plass i Lusaheia landskapsvernområde, samt løyve til 10 snøskuterturar til kvar åteplass. I 2016 vart det gjeve eit tilsvarende løyve. I 2017 og 2018 vart det gjeve løyve til to åteplassar i Dyraheio landskapsvernområde og tilkomst gjennom verneområdet for to andre åteplassar. Dispensasjonane omfatt 10 skuterturar til kvar åteplass.

Lisensfellingslaget ved fellingsleiar Arve Aarhus, om søker om dispensasjon til snøskutertransport til to åteplassar i Dyraheio landskapsvernområde. Snøskutertransportane omfattar transport av åte, drift av åtene, samt opprydding på åteplassane. Åteplassane er valt ut på grunnlag av jerven sin områdebruk, mobildekning for overføring av bilete frå viltkamera og tilgang på husvære i nærleiken. Åteplassane er teikna inn på kart som følgjer søknaden.

Søknaden gjeld for tidsrommet desember- april/mai for perioden 2019-2022. Etter lisensjaktperioden går ut 15.02, omfattar søknaden observasjon ved åta i tillegg opprydding på åteplassane. I søknaden er det ikkje oppgjeve nok tal på kor mange snøskutertransportar det er søkt om til kvar åteplass.

Det opplysast i søknaden at åteplassane hadde besøk av jerv i både 2017 og 2018 etter at skadefellingsperioden var over. Det opplysast heller ikkje kven som deltek i lisensjaktlaget, men det visast til at dette i stor grad er ei vidareføring av skadefellingslaga frå tidlegare år.

Det er søkt om følgjande åteplassar i Dyraheio landskapsvernområde og motorferdsle etter desse kjørerutene:

- Åteplass 1. Brudle / Kaldevassleitet
Tilkost frå Mostøl via Jonstøl og Salttjørndalen. Om lag 10 km av kjøreruta går innanfor verneområdet.
Tilkost frå Mostøl via Krokavatnet og Brudle. Om lag 16 km av kjøreruta går innanfor verneområdet.
Tilkost frå Bleskestadmoen. Om lag 16km av kjøreruta går innanfor verneområdet

Åteplass 2. Grjotdalen
Tilkomst frå Kjetilstadlio via Såta/Stranddalen og Krossvatn. Om lag 17 km av køyreruta går innanfor verneområdet.

I tillegg er det ein åteplass ved Monsabu utanfor verneområda. Omsøkte køyreruter følgjer i all hovudsak etablerte køyreruter som følgjer Stavanger turistforening eller Statkraft sine merka vinterruter i området.

Tidlegare skadefellingsløyper er gitt på bakgrunn av dokumenterte tap av beitedyr til jerv gjennom fleire år. I samband med jakta vart det oppretta eit skadefellingslag av lokale grunneigarar med Arve Aarhus frå Suldal er fellingsleiar. Skadefellingslaget har stått for det praktiske med utlegging av åte og gjennomføringa av jakta.


Skadefellinga har ikkje gitt resultat dei åra den har blitt gjennomført, men i 2017 og 2018 vart det påvist jerv på åta. I 2018 felte SNO, gjennom ekstraordinært uttak, hannjerven som hadde stått bak store tap av sau i Røldal og Suldal i 2017. I tillegg vart ei jervetispe og to kvelpar felt i Suldal.

Ettersom det ikkje var dokumentert tap av sau til jerv i Rogaland i 2018, fant ikkje Fylkesmannen i Rogaland grunn til å gje skadefellingsløype for 2019.

Lisensjaktlaget ønskjer likevel å halde fram med drifta av jerveåtene. Utlegging av åte i verneområdet blir vurdert som ein viktig faktor dersom ein skal ha håp om ei vellukka jakt om jerven kjem tilbake. Når åtene er plassert på dei rette stadane vil dei trekke til seg jervar som måtte være i området. Dette vil og ha funksjon i høve til overvaking og dokumentasjon av bestanden av jerv i området.

Fylkesmannen i Rogaland uttaler og at ein ser logikken i å vidareføre åteplassane ut frå eit jaktperspektiv, men at dei ikkje kan anbefale det som ein generell praksis.

Kart over åteplassar og køyreruter



Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Dyraheio landskapsvernområde med biotopvern av 26.09.1997.

- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, godkjent 2015.
- Naturmangfaldslova.

Heimelsgrunnlag

Dyraheio landskapsvernområde med biotopvern vart oppretta ved kongeleg resolusjon 26.09.1997. I kapittel III i verneføreskrifta heiter det at *”Føremålet med landskapsvernet er å ta vare på eit særmerkt fjellområde med urørt natur, rikt planteliv med m.a. bergjunker, verdifulle stølsområde og beitelandskap, eldre og nyare kulturminne etter støling, heibeiting, jakt, fiske og fangst. Føremålet er også å ta vare på viktige leveområde for viltet, spesielt å sikre eit samanhengande fjellområde og delar av livsgrunnlaget for den sørlegaste villreinstamma i Europa”*.

Motorferdsli i verneområdet blir regulert av verneføreskrifta sitt kapittel kapittel IV, punkt 3.1. Her heiter det at *”Motorisert ferdsel i utmark og i vassdrag er forbode. Flyging lågare enn 300 m over bakken og landing er forbode”*. Vidare heiter det at *”Forvaltningsstyresmakta eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan likevel gi løyve til motorferdsel i særskilde høve”*.

Omsøkte tiltak kjem etter vårt syn inn under kapittel IV, punkt 3.1 i verneføreskrifta, og krev derfor dispensasjon etter kapittel IV, punkt 3.1 for å kunne gjennomførast. Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane har forvaltningsmynde for Frafjordheiane landskapsvernområde.

Vurdering

Naturmangfaldlova

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i § 8 til 12 leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndigheit. Forvaltningsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

Innverknad på verneverdiar og verneføremål

Dei omsøkte åteplassane ved Brudle og Grjotdalen ligg i eit ope høg fjellsterreng om lag 1100-1200 moh. Dei fleste køyrerutene vil gå i høg fjellsterreng 900-1200 moh.

Dei høgareliggande fjellområda i Dyraheio landskapsvernområde blir årvisst nytta av villreinen som vinterbeite. Resultata frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt (NINA rapport 694/2011) dokumenterer at sju av dei åtte simlene som har nytta nordområdet, har vore i nærleiken av åteplassane ved Brudle og Grjotdalen, den tida dei hadde sender. Elles viser GPS-data frå www.dyreposisjoner.no at villreinen i områda nord for Blåsjø, i hovudsak står aust for vasskiljet tidleg på vinteren, men trekker vestover lengre ut på vinteren. I Norsk Villreinsenters rapport Kartlegging av villreinens arealbruk i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (NVS rapport 6/2010), ligg åteplassane ved Brudle og Grjotdalen innanfor område som er registrert som vinterbeite. I denne rapporten kjem det og fram at både åteplassane og skuterløypene kjem i kontakt med fleire registrerte villreintrekk.

Kunnskap om naturmangfaldet i området baserer seg og på Miljødirektoratet sin naturdatabase med innsyn til sensitiv informasjon (www.naturbase.no) og tilsvarande informasjon i Temakart Rogaland. Så langt forvaltningsstyresmakta kjenner til etter søk i Naturbase, er det ikkje registrert informasjon om prioriterte arter, trua eller nær trua arter på Norsk rødliste for arter 2015 eller andre verdifulle arter. Det er heller ikkje registrert informasjon om utvalde naturtypar, trua eller nær trua naturtypar på Norsk rødliste for naturtypar 2011 eller andre verdifulle naturtypar. Det er heller ikkje komme fram andre opplysningar som tyder på at det finns slike arter og/eller naturtypar i det aktuelle område.

Kunnskap om kulturminne i området baserar seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase (www.askeladden.no). Her er det ikkje registrert kulturminne som kan ta skade av motorferdsla det er søkt om.

Kunnskapsgrunnlaget (§8) som ligg føre for å vurdere dei omsøkte tiltaka si innverknad på verneverdiar og verneføremål, må derfor vurderast som tilstrekkeleg til at forvaltningsstyresmakta kan fatte vedtak i saka. §9 om "Føre var prinsippet" vil derfor bli tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

§10 tek føre seg den samla belastninga av økosystemet i området. Ved dei omsøkte åteplassane er det svært få tekniske inngrep og lite anna ferdsla. Når det gjeld dei aktuelle køyrerutene er det og svært lite anna ferdsla i januar og februar. Det er gitt om lag 10 andre motorferdsleøyve på dei ulike strekningane, men desse benyttast i liten grad tidleg på vinteren. I mars og april er ferdsla mykje større. Dei fleste motorferdsleøyver i området blir brukt og talet på skituristar aukar. Turisthyttene Bleskestadmoen, Jonstøl, Krossvatn og Stranddalen som ligg etter dei aktuelle køyrerutene, hadde i 2018; 121, 211, 153 og 76 overnattingar i mars og april.

Forvaltningssekretariatet legg til grunn at motorferdsla i samband med utlegging og drift av åtene vil ha same omfang som ved tidlegare dispensasjonar.

Utlegging av åte og den omsøkte motorferdsla i samband med dette, vil verke forstyrrande på villreinen i område. Samstundes tydar villreinen sin vanlege områdebruk i januar og februar på at forstyrringane vil ha eit relativt avgrensa omfang. Forstyrringane vil bli meir omfattande i mars og april. Da aukar trekkaktiviteten til villreinen, det same gjer motorferdsla og skiturismen.

Den omsøkte motorferdsla vil medføre ei sterk auke av motorferdsla i området, og såleis medføre ei auka belastning på naturmangfaldet. Dette gjeld særleg for mars og april da villreinen allereie er utsett for forstyrring frå både motorferdsel og ferdslar til fots. I denne perioden blir den samla belastninga vurdert til å være høg.

Når det ikkje ligg føre eit skadefellingsøyve for jerv, er det etter forvaltningssekretariatet si vurdering, ikkje grunnlag for å utsette villreinstamma for den tilleggsbelastninga forstyrringane som utlegging og drift av jerveåtene vil medføre. Forvaltningssekretariatet har forståing for argumenta om at det kan være viktig å oppretthalde drifta av åtene. Samstundes ønskjer ikkje forvaltningssekretariatet å etablere ein forvaltningspraksis det utlegging av jerveåter blir ein fast praksis også i periodar utan dokumenterte tap og innvilga skadefellingsøyve.

§11 legg til grunn at eventuelle kostnader ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar. Tiltakshavar er fullt og heilt ansvarleg for ei miljømessig god løysing.

§12 omhandlar miljøforsvarleg teknikkar, driftsmetodar og lokalisering. I høve til transportbehovet som er skissert i søknaden, vurderer forvaltningsmyndigheita bruk av snøskuter som det beste alternativet. Forstyrringane av villrein er prøvd redusert ved at ein langt på veg nyttar etablerte køyreruter. Plasseringa av åte og viltkamera på stadar med mobildekning, vil og medføre at behovet for tilsyn med åta vil bli mindre.

Konklusjon

Den omsøkte motorferdsla vil ha ein forstyrrande effekt på villreinstamma i området, og såleis ha ein negativ innverknad på verneverdiane i Dyraheio landskapsvernområde. Talet på innvilga snøskutertransportar, og den totale belastninga frå ferdslar og motorferdsel i område er relativt omfattande på seinvinteren når villreinen sin trekkaktivitet aukar.

Fra: arve aarhus[aaarh@online.no]

Sendt: 31.01.2019 18:48:05

Til: Odden, Alf; 'postmottak@suldal.kommune.no'; Endre Gjil (Endre.Gjil@suldal.kommune.no); 'bernt.schibevaag@suldal.kommune.no'; FM Rogaland, Postmottak; Eltervåg, Cathrine Stabel

Kopi: Magne Jakob Bjørheim

Tittel: Re: Avslag på søknad om motorferdsel i Dyraheio landskapsvernområde

Viser til mottatt avslag og klagar med dette på vedtaket, og gir følgjande moment til ny handsaming:

Søknaden er utarbeidd etter ønske/behov frå Rogaland Sau og Geit med fleire samarbeidande organisasjonar som har vore felles i arbeidet med å unngå tap av småfe til jerv, og for å vidareføra på enkel og rasjonell måte, pågåande arbeid også for åra ein evt ikkje får høve til å nytte skadefellingsløyve som heimel for gjennomføring.

Søknaden er ei direkte vidareføring av ordninga som har vore omsøkt og gitt løyve til dei siste mange åra, og som har ført til auka registrering av førekomst av jerv, samt auka innsamla biologisk materiale frå jerv til identifisering. Personane som er knytt til gjennomføring av søknaden, er dei same som har gjort arbeid med skadefelling tidlegare år.

Vidareføring av ordninga som har vore, er vurdert å vera svært viktig for tidlig avdekking av førekomst av jerv vinterstid, gir mulighet for felling i lisensjaktperioden som vil avbøte behovet for ekstraordinære uttak i yngletida, og vil redusere risiko for tap av småfe til jerv kommande beitesesong.

Søknaden vil, med tilpassa organisering av arbeid og tilpassing av tal turar til minimum, gjennomførast utan stor auka i mengde snøskutertrafikk til områda. Personane knytt til arbeidet vil kunne gjennomføre utlegging og drift av åter slik at det blir samordna med anna arbeid dei alt har i sine respektive område, på same måte ein har samordna dette i gjennomføringa ein har hatt til nå.

Åtene og åteplassane som har vore brukte, er handplukka og fagleg vurderte å vera dei områda der ein med størst sansynlighet jerv vil vera innom, når dei brukar heiane våre. Det er viktig at åteplassane her blir faste. Merk at søknaden gjeld ikkje utlegging av åte, kun tillating til bruk av snøskuter til utlegging og drift av åter. Dette vil naturlegvis gjera arbeidet med utlegging og drift av åtene vesentlig forenkla enn om dette skal skje til fots, som då vil vera alternativet ein har for gjennomføring.

Søknaden er fleirårig slik at arbeidet blir gitt naudsynt forutsigbarhet for gjennomføringa, noko som har vist seg å vera svært vanskelig å få til når ein nyttar førebyggjande skadefelling som heimel.

Med håp om rask avklaring

Arve Aarhus

Kopi til Rogaland Sau og Geit v/Magne J Bjørheim

Fra: "Odden, Alf" <fmroaod@fylkesmannen.no>

Dato: onsdag 30. januar 2019 11:16

Til: arve aarhus <aaarh@online.no>, "'postmottak@suldal.kommune.no'" <postmottak@suldal.kommune.no>, "Endre Gjil (Endre.Gjil@suldal.kommune.no)" <Endre.Gjil@suldal.kommune.no>, "'bernt.schibevaag@suldal.kommune.no'" <bernt.schibevaag@suldal.kommune.no>, "FM Rogaland, Postmottak" <fmropost@fylkesmannen.no>, Eltervåg, Cathrine Stabel <fmrocsh@fylkesmannen.no>

Emne: Avslag på søknad om motorferdsel i Dyraheio landskapsvernområde

Hei

Vedtak i delegasjonssak til orientering.

Med vennleg helsing

Alf Odden

Verneområdeforvaltar SVR
Forvaltningsekretariatet
Sandsveien 122
4230 Sand
E-post: alf.odden@svr.no
Tlf: 48044583
www.svr.no

VERNEOMRÅDESTYRET FOR
SETESDAL VESTHEI, RYFYLKEHEIANE OG FRAFJORDHEIANE



ST 9/19 Eventuelt